

# RAPPORT KONFIRMANTARBEID I SMÅ OG STORE KULL

## **DEL 1**

1. Bakgrunn for prosjektet
  - 1.1 Ressursgruppa
  - 1.2 Prosjektet og det skriftlige materialet
  - 1.3 Modulundervisning
2. Gjennomføring av undervisningssamlingane
  - 2.1 På førehand
  - 2.2 Gjennomføring
  - 2.3 Oppmøte og fråvær
3. Ressursbruk
  - 3.1 Små kull
    - 3.1.1 Samanslåing
    - 3.1.2 Konfirmasjonsdagen
    - 3.1.3 Utfordringar og muligheter
  - 3.2 Store kull
    - 3.2.1 Stasjonsundervisning
    - 3.2.2 Leir
    - 3.2.3 Administrasjon
    - 3.2.4 «Å sjå den eine»
    - 3.2.5 Interessegrupper
4. Vidare muligheter for liknande prosjekt

## **Del 2**

5. Små kull
  - 5.1 Erfaringar frå Indre Nordfjord
6. Store kull
  - 6.1 Et differensiert interessegruppe-tilbud i konfirmasjonstiden
7. Små og store kull – «Å finne det positive der ein er»
  - 7.1 Nettundervisning
  - 7.2 Samarbeid med organisasjonar
  - 7.3 Frivillige
  - 7.4 Den gode konfirmasjonsgudstenesta
  - 7.5 Trusopplæring
  - 7.6 Konfirmantar med særskilte behov
8. Konkrete tips
  - 8.1 Arrangere leir
  - 8.2 Arrangere heimesamling
9. Kjelder
10. Vedlegg a) Arrangere leir
11. Vedlegg b) Undervisningsmodular

## 1. Bakgrunn for prosjektet

Dette prosjektet blei satt i gang hausten 2012 av Bjørgvin bispedømeråd. Bakgrunnen var at det var fleire vakansar i bispedømet og konfirmantar sto utan noko skikkelig konfirmantopplegg. Ein hadde lenge sett utfordringar både knyta til små kull og store kull i bispedømet. Når det gjaldt små kull var det eit ynskje frå bispedømet at ein skulle gå vekk frå konfirmantundervisning med nokre få konfirmantar om gangen og heller slå saman i større grupper for å spare ressursar. Når det gjaldt store kull kunne ein sjå ein del utfordringar knyta til veldig store kull i bispedømet og ein ønska å sjå på ulike muligheiter å drive undervisningssamlingar på.

Bjørgvin bispedømeråd gjorde i sak 061/12 (03.09.2012) følgjande vedtak:

*Bjørgvin bispedømeråd oppnemner tre prosjektgrupper*

- 1. Å vere kyrkje i grisgrendte strøk  
Prosjektleder: Roar Strømme*
- 2. Å drive konfirmantundervisning der ein har små kull  
Prosjektleder: Marte Ottesen*
- 3. Å drive konfirmantundervisning der ein har store kull  
Prosjektleder: Marte Ottesen*

Om saksområdet nr. 2 og 3 heiter det:

*Til prosjekta knytt mot konfirmantar, så ligg det i grenselandet personal-/ressursforvaltning og kyrkjefag/innhald, her har ein kopla inn Marte Ottesen som prosjektleder. Marte er tilsett i vikariat mens ein søker etter nye personalrådgjevar. Ein har og kopla på Anne Line Kroken, som er tilsett i prosjektstilling for pilotperioden for ungdomsprosjektet St Jakobs. I dette har ho også funksjonen som rådgjevar for Ungdomsrådet som ei prøveordning.*

*Begge er nyutdanna teologar, har prosjekterfaring, og vil arbeide opp mot steder som har utfordringane både med små kull og store/svært store kull. Dei vil sjå primært på ressursforvaltning og metodar for konfirmantopplegga, meir enn innhald. Dei vil arbeide tett mot mellom anna Vik, Åsane og Os. Koplinga mot personalseksjonen, kyrkjeverje og prost vil vere viktig, samstundes som form og innhald må sjåast i samanheng. Dei vil prøve ut modellar lokalt, både for å trekke lærdom av dette, og for å synleggjere nye måtar å legge opp arbeidet på. Målet er å bruke ressursane betre, samstundes som og undervisninga kan opplevast kvalitativt som like god eller betre lokalt.*

*Prosjektleder får mandat til å knytte til seg 3-4 aktuelle ressurspersonar. Mandatet er å sjå på gode strategiar og tiltak opp mot dei utfordringane ein kartlegg innanfor prosjektområdet*

*Det vil vere ønskeleg at prosjekta kan presenterast i seminarform på stiftsmøte 2013*

*Budsjettramme er reise og møtekostnader til 4 møter og en andre kostnader kan drøftast i ei open ramme på inntil kroner 5000.*

Prosjektet «Å vere kyrkje i grissgrendte strøk» som har arbeida parallelt med konfirmantprosjektet peikar i sitt arbeid på mange utfordringar med å vere kyrkje i grissgrendte strøk, og det er sterkt anbefalt å lese den for eit breiare bilete rundt det å vere kyrkje på små stader, utfordringar det fører med seg og mulige løysingar.

### **1.1 Ressursgruppa**

Marte Hovda Ottesen knyta til seg ei ressursgruppa beståande av Åse Kristin Aagaard (spesialprest for barn og unge i Bergen domkirkemenighet), Kjetil Netland (Sokneprest i Stryn, prost i Indre Sogn frå august 2013) og Espen Ingebrigtsen (Leder for kyrkjeseksjonen på hovudkontoret til Sjømannskirken). Saman med prosjektleiar har dei møttest 4 gonger for å diskutere gode metodar for konfirmantarbeid i små og store kull.

Ressursgruppa ønska tidleg å ha ein tydeleg uttalt verdi for konfirmantarbeidet: *«Kvar konfirmant skal oppleve seg sett og elska av den treeinige Gud, av konfirmantlærer og av kyrkjelyden. Det skal leggjast til rette for at ein i konfirmasjonstida skal leve og vekse i trua ein er døypt til. Kvar konfirmant skal bli tatt på alvor med si tru, tvil og undring. Det skal leggjast til rette for ei vekselverknad mellom kunnskap og erfaring, slik at konfirmanten får ta del i ein totalformidling av den kristne tru».*

Prosjektleiar og ressursgruppa har saman skrevet rapporten. Dei fleste kapitla er skrive av Marte Ottesen. Det er notert kven som har skrive dei andre kapitla. Ressursgruppa skal saman ha seminar på stiftsmøtet 2013.

### **1.2 Prosjektet og det skriftlige materialet**

Denne rapporten vil ta føre seg prosjektet slik det har blitt gjennomført og peike på erfaringar derifrå. Ein vil også vise til erfaringar frå andre stader i bispedømet, primært gjennom erfaringar frå personane i ressursgruppa.

Rapporten er todelt. Første del omhandlar prosjektet konkret. Andre del omhandlar konfirmantarbeid i små og store kull på eit meir generelt plan. I tillegg til rapporten frå året ønska ressursgruppa å kunne tilby nokon konkrete hjelpemidla til konfirmantundervisninga. Derfor kan ein også finne nokon konkrete tips til konfirmantundervisninga. Undervisningsmodulane brukt gjennom året ligg også ved rapporten.

Når ein i rapporten skriv om små kull reknar ein en ramme på 1-27 konfirmantar. Store kull reknast frå 90 konfirmantar og oppover.

Dette prosjektet har fungert som eit «uttrykningsteam». Dei stadene vi har vore inne og hatt konkret undervisning er stader med enten vakansar eller sjukemelding. Så det er stader i «unntakstilstand». Dette er utfordringar som ikkje kjem til å forsvinne dei neste åra. Så det er eit mål at det som er utarbeidda av skriftleg materiale skal vere noe konkret å bruke av vikarer/lærarar/studentar ved eventuelle behov for dette seinare.

Prosjektet har ikkje skullet kartlegge alle behova i bispedømet. Men har jobba praksisnært med dei stadene ein har vore. Kartlegginga har vore tett på erfaringane.

Dette er ikkje eit prosjekt som skal overstyre velfungerande opplegg, men eit prosjekt som kan brukast både i unntakstilstander av vikarer – og som inspirasjon av ansvarlige for konfirmasjonstida for små og store kull.

Når det gjelder trusopplæringsplanene rundt om har ikkje dette prosjektet vore bunde av dei lokale planane, fordi dette konkrete prosjektet har vore brukt i ein unntakstilstand som eit «uttrykningsteam». Men det er sjølvstund ikkje unaturlig å ta hensyn til dei likevel. Når det ikkje er unntakstilstand skal sjølvstund konfirmasjonsundervisninga vere ein del av trusopplæringsplanen.

Prosjektet har i løpet av året jobba tettast på stader med små kull, og det vil vise igjen på den måten at dei fleste eksempla viser til arbeidet med små kull. Det som er skrevet om dei store kulla er prega av dei erfaringane ein har gjort i løpet av året, ressursgruppa sine erfaringar frå tidlegare og samtale med folk som jobbar eller har jobba med store kull. Spesielt når det gjelder store kull ser ein potensiale til å jobbe grundigare med utfordringar og muligheter.

Konfirmantarbeid og ressursbruk både i små og store kull er eit stort tema, og denne rapporten kunne fort ha famna endå fleire problemstillingar og djuptgåande utfordringar. Grunna tidsavgrensing måtte også rapporten avgrensast slik det er gjort, men vi håper at den kan inspirere til vidare arbeid med desse problemstillingane både med små og store kull.

### **1.3 Modulundervisning**

Undervisninga har konfirmantplanen til DnK til grunn. Konfirmantundervisninga har vore bygga opp rundt moduler. Prosjektansvarlig utarbeida i løpet av året 6 modular saman med dei andre involverte i undervisninga, som har blitt brukt i undervisninga på ulikt vis. Det er seks ulike tema med underoverskrifter og forslag til undervisning, gruppearbeid og noe aktivitet.

Tanken har vore at ein med ein slik måte å leggje opp undervisninga på, kan bruke modulane både til ettermiddagssamlingar, dagssamlingar og ein kan plukke ut delar til bruk for eksempel på leir eller stasjonsundervisning for større kull. Det ligg føre eit forslag til tidsbruk for kvar modul, men det kan også variere.

Dei plassane ein har vore med og hatt all undervisninga er Gulen, Vik og Balestrand. I tillegg har Marte hatt nokon undervisningstimar i Åsane og Anne Line hatt nokon undervisningstimar i Os kyrkjelyd.

I Gulen har ein hatt ein modul på kvar laurdagssamling, og i Vik/Balestrand har ein delt ein modul i to, fordelt på to dagar. I Åsane og på Os har ein plukka ut delar av modulane og brukt som undervisningsmateriell. Dette prosjektet har hatt undervisningssamlingane for auge. Alle stadene vi har vore inne har sjølv arrangert samlingar som fasteaksjon, lysmesse, nokon har hatt eiga weekend ol. Dette har til saman dekkja alle undervisningstimane ein er pålagt i løpet av eit konfirmantår.

Modulane ligg som ein del av denne rapporten.

## 2. Gjennomføringa av undervisningssamlingane

### 2.1 På førehand

Marte Hovda Ottesen har vore prosjektleiar. Ho og Anne Line Kroken har vore med alle stadane ein har vore inne og hatt undervisning.

Alle stadene ein har vore med har ein jobba i team med andre. Dette har det vore positive tilbakemeldingar på i evalueringar. I Vik har ein jobba tett med tilsette i kyrkjelyden som har vore med på undervisninga og hatt administrativt ansvar. I Gulen har sokneprest i Lavik vore med i undervisningsteamet. I Balestrand har to elever frå Sygna VGS vore med som medhjelparar. Både i Balestrand og Gulen har kyrkjevevja hatt det administrative ansvaret.

Ein av dei viktige lærdomane har vore at det å jobbe tett med lokale krefter er heilt avgjerande for at det skal fungere når ein kjem utanfrå for å ha undervisninga. Dei kjenner dei lokale forholda. Det er fullt mulig å komme utanfrå for å ha konfirmantundervisninga om ein har eit godt samarbeid med dei lokale kreftane, som til dømes kyrkjevevja eller andre tilsette eller frivillige.

Det er veldig mye administrativt med eit konfirmantår. I forbindelse med dette prosjektet har tilsette i dei lokale kyrkjelydane gjort mykje uunnverleg arbeid med det administrative. I Gulen og Balestrand har kyrkjevevjene vore aktivt inne i det administrative rundt konfirmasjonssamlingane. I Vik har det vore kyrkjelydssekretær som har hatt det administrative. Det er viktig at kyrkja si kontakt med dei føresette er til stades gjennom heile konfirmantåret. Eit spørsmål ein må stilla seg i alt konfirmasjonsarbeid er kven det er som treng å gjera dei ulike administrative oppgåvene. Og ikkje minst: kan dei forenklast? Kva kan ein til dømes gjere med eit enkelt skjema på nettet?

Som eit «uttrykningsteam» treng det ikkje vere dei som fungerer på denne måten som treng å stå i den første kontakten med dei føresette. Erfaringane frå i år viser at administrative oppgåver kan fordelast, men om ein skal fungere som eit uttrykningsteam ser ein i ettertid at det hadde vore ynskjeleg om ein hadde vore med på foreldremøte med informasjon til føresette om konfirmantåret på starten av året. Namn og nummer må også vere tilgjengeleg for dei føresette om dei ynskjer kontakt med dei som har undervisninga.

### 2.2 Gjennomføring

Forberedinga av undervisninga har gått føre seg på mail og telefon. Hovudansvarleg har sendt ut opplegg med plan for dagen og gruppearbeid på mail før kvar økt så dei involverte har kunne førebu seg på gruppearbeid dei skulle leie eller undervisnings dei skulle ha, og komme med eventuelle tilbakemeldingar. Dette har fungert fint.

Sjølve konfirmasjonssamlingane har gått føre seg på ulikt vis.

Ein av «grunntankane» var at ein ville samla konfirmantane, med den tanke om at det er mindre bruk av ressursar for prestane å ha færre samlingar og ikkje minst at det er kjekt for konfirmantar å være saman med fleire andre.

I dei små kulla har ein i Gulen vore samla på laurdagssamlingar og ein weekend på ein leirstad. I Vik og Balestrand har ein vore samla to ettermiddager etter kvarandre.

I Gulen har ein vore samla med undervisningsteamet 5 gonger, utanom konfirmasjonsdagen. Ein la opp til to modular på ein weekend. Resten har dei dekka sjølv lokalt. I Vik og Balestrand har ein vore samla 6 gonger, utanom konfirmasjonsdagen. Vi reknar då ein gong som to ettermiddager på rad.

I dei store kulla har ein vore inne og vært med på ettermiddagssamling i Åsane og helgesamling i Os. Då har ein plukka ut delar av undervisningen frå modulane.

Det er ein stor fordel med ein nokon lunde lik ramme på konfirmantsamlingane i løpet av eit år. Det skapar gjenkjenning og trygghet. Det kan vere å starte med ein bøn eller å tenne ljøs kvar gong og avslutte med ein andakt eller velsigninga. Samlingane vi har hatt dette året har vi avslutta med ein enkel liturgi, ein kort andakt og ein song. Det har fungert på ein god måte, både fordi konfirmantane har visst kva som skal skje kvar gong og fordi ein får muligheita til forkynning som ikkje er «undervisningsprega».

På kvar undervisningsøkt har ein jobba ein del i grupper. Noko i små grupper, andre i store grupper. Dette krev at ein er fleire tilstade på samlingane. Ein kan kritisere at ein i løpet av dette året har brukt mye ressursar på gjennomføringane. Men tanken er at undervisninga skal kunne gjennomførast utan naudvendigvis så mange prestar tilstade. Men det er eit poeng å vere fleire, det er ynskjeleg med «medhjelparar». Dette kan vere tilsette, fjorårskonfirmantar, foreldre eller anna. Dette er med på å få ro i gruppa, det er mindre sårbart i forhold til sjukdom og det er kjekkare for dei involverte. Og det gjeldt både for små kull og store kull.

Merk: Frivilligheit kjem som eit eige punkt seinare i rapporten!

Ein har prøvd å finne eit samspel mellom erfaring og undervisning på samlingane. Dei har vore prega av leik, måltid, undervisning og gruppearbeid.

Det har vore noko forskjeller på å ha samlingane på ettermiddagen og i helgane. Rett etter skuletid er ein krevjande tid både for konfirmantane og undervisere. Det krevjar leik og aktivitet og det kan vere utfordrande å halde på konsentrasjonen i undervisningssamanheng.

Gjennom året har det blitt prøvd ut å møtast på ulike vis.

Alle konfirmantane fylte ut tilbakemeldingsskjema på slutten av konfirmantåret, og frå dei som har hatt helgesamlingar og ikkje kjente alle frå før er det gjennomgåande gode tilbakemeldingar på å møtast med ei større gruppe. Dei har satt pris på å møte nye folk.

Utdrag frå nokon av tilbakemeldingane på spørsmål om korleis det har vore å vere saman med folk du ikkje kjente frå før på konfirmasjonssamlingane:

«Veldig kjekt å bli kjent med fantastiske folk eg ikkje kjem til å gløyme»

«Gøyare, for då får du høyre deira meiningar om kristendommen»

«Oppfriskande»

«Eg kjente dei fleste, men det har vore kjekt å bli betre kjend».

Når det gjeld å møtast to kveldar på rad er det både positive og meir utfordrande sider ved dette. Frå nokon av dei lokalt tilsette har det vore positivt ressursmessig på den måten at ein sparer tid på å

klargjere og vaske lokalet ein gong i staden for to, og ein sparer tid på å bare måtte gjere eit matinnkjøp.

Nokon av konfirmantane har vore skeptiske, fordi to opptekne kveldar på ei veke nokon gonger har vore utfordrande i høve oppgåver og prøvar på skulen. Noko av dette kunne ein løyst med å ha betre informasjon til lærarar på skulen. Men responsen har også vore positiv fordi det har vore færre samlingar å finne tid til og ein har nokre veker som er heilt frie.

Den største utfordringa, som fleire har meldt tilbake om, er at samlingane har vore lange når ein har vore samla rett etter skuletid. Spesielt gjeld dette for dei som har lang køyrevei. Ein erfaring er at det nok krev meir aktivitet enn det blei lagt opp til dette året. Det kunne og ha vore positivt å ha bytta ut nokre av ettermiddagssamlingane med helgesamlingar.

Det har og komme innspel frå involverte at det kunne ha vore positivt om ein kunne ha variert mellom store og små grupper. Noko av konfirmantopplegget kunne ha gått føre seg i den lokale kyrkelyden i aktiviteter som allereie finst der, som lokal ungdomsklubb eller som medhjelpar på gudstenesta, mens noe av opplegget var saman med ein større gruppe, gjerne på helgesamlingar.

Gruppa i Vik var på 27 konfirmantar (Vik kommune + Feios og Fresvik) og i Balestrand 15 konfirmantar. Gruppa i Vik var i største laget om ein bare hadde vore ein vaksen, men fordi ein var fleire vaksne/leiarar med kvar gong fungerte det OK. Men ein slik storleik krev at ein brukar mykje aktivitet og gruppearbeid for å halde på roen i gruppa. Det same vil sjølv sagt då gjelde for store kull.

Ein må finne det som er best i sin lokale kontekst for korleis ein vil møtast. Uansett korleis ein møtast er det viktig å vere bevisst samhandlinga mellom læringa og det sosiale. Det å ha med leikar som ein del av samlingane kjem det gode tilbakemeldingar på. Det er med å løyse opp stemninga i gruppa. Kva type leikar som kan fungere kan det lesas meir om i vedlegget til rapporten.

Det å vere med på ein tur/leir/cup kjem det også gode tilbakemeldingar på og er det dei aller fleste konfirmantane nemner som det beste minnet frå året. Å reise på tur med konfirmantane i løpet av året er ein stor anbefaling. Det er godt både for det sosiale og for læringa sin del, og får jamt over veldig gode tilbakemeldingar frå alle gruppene. Er ein ikkje så mange konfirmantar lokalt eller har lite ressursar, kan det vere ein god idé å dra på leir saman med nabokyrkjelyden eller med ein organisasjon. Då får konfirmantane møtt andre konfirmantar og arbeidsmengda kan fordelast på fleire ansvarlege. Tips for korleis ein kan arrangere leir kan lesast om i vedlegget til rapporten.

### **2.3 Oppmøte og fråvær**

Det er utfordringar i det å ha sjeldne samlingar når det kjem til fråvær. Er ein borte ein laurdagssamling er det ein ganske stor del av året ein då går glipp av. Ein mulig løysing på ein slik utfordring er at ein kan gjere ein eller to nettleksjonar for å bøte på fråveret.

Det er ein gjennomgåande utfordring både i små og store kull å ansvarleggjere både konfirmantar og føresette i konfirmantåret. Mange prester og andre tilsette i kyrkja kan oppleve at andre fritidsinteresser blir prioritert framfor konfirmantundervisninga.

Erfaringar frå ressursgruppas arbeid andre stader er at det er veldig viktig at ein heilt frå byrjinga er tydeleg på kva som er kyrkja og konfirmantleiaranes forventningar både til konfirmanten og deira

familiar. Mange stader nyttar ein konfirmantkontrakt på starten av året kor ein skriv under på kva en forpliktar seg til å vere med på. Der må ein også vere tydeleg på kva konsekvensar det får om ein ikkje kjem på undervisning. Noko som må følgjast opp for at det ikkje skal gli ut eller ikkje bli tatt på alvor.

### **3. Ressursbruk**

Ressursbruk var utgangspunktet for dette prosjektet. Korleis bruke dei fornuftig i eit konfirmantår. Kven skal gjere kva, køyring, tilsette, korleis type samlingar.

#### **3.1 Små kull**

##### **3.1.1 Samanslåing**

Det første og største grepet som var gjort, var at ein alle stadene ein hadde små kull slo alle konfirmantane saman.

Ein av utfordringane knytt til ressursbuken har gått på transport med køyring til og frå samlingane. I Vik er det første året ein har samla alle konfirmantane i kommunen Vik og det har også kosta kyrkjekontoret med skyss når foreldra ikkje har hatt høve til å køyre. Det er klart at det her ligg ei utfordring som ein tydelegare ser i grissgrendte strøk og i små kull enn i meir urbane strøk med godt kollektivtilbod.

Ein mogleg måte å løysa slike utfordringar på er å legge konfirmasjonsopplegget slik at det passar med skulebussen eller annen kollektiv transport. Då slepper føresette å køyre eller kyrkja å skaffe skyss.

Når det gjeld ressursbruk og ressursar vil ein uansett bruke pengar på skyss om presten skal køyre ut til dei mindre stadane for å ha undervisninga. Det vil også gå meir arbeidstid. Det vil belaste eit anna budsjett enn om ein må dekke reisekostnadar på konfirmantbudsjettet, men reisekostnadar kjem ein ikkje utanom.

Nokon gonger er det også geografi og vêr som gjer køyring svært vanskeleg, til og med umogleg. Då kan ein leggje opp til at konfirmantundervisninga ikkje blir akkurat i dei mest vêrutsatte vekene. Også nett er her ein mulig løysing. Enten som ein fast del av heile året, eller som noko ein bruker ein del av året. Å samle deler av undervisninga på ein weekend/leir/laurdagssamling gjer også at lange køyreturar ikkje må skje kvar veke eller i dei mest vêrutsatte tidene på året.

Rapporten «Å vere kyrkje i grissgrendte strøk» peiker på at i grissgrendte strøk vil spørsmålet om mobilitet i dei ulike aldersgruppene vere vesentlig i vurdering av kva som bør gå føre seg lokalt og sentralt. Her spelar sjølvstekt geografien, kommunikasjonen og ein viss grad den «mentale avstanden» ei stor rolle. Dei peikar på at ungdom har høg mobilitet. Dei går gjerne saman på ein sentral ungdomsskule og vil gjerne vere saman i større fellesskap. (Å vere kyrkje i grissgrendte strøk, s. 16)

Det å utvide radiusen har vist seg å vera ein fordel i gruppa på den måten at ungdom kan treffa fleire enn dei ein kjenner ut og inn frå før av. Der dette har vore tilfelle i årets prosjekt har det stort sett også hatt ein positiv effekt på gruppedynamikken – det kan faktisk vera lettare å halda ro i forsamlinga slik. Sjølv om dette sjølvstekt også kan vere ulikt frå gruppe til gruppe.



### 3.1.2 Konfirmasjonsdagen

Det som det nok er brukt mest ressursar på dette året, er sjølve konfirmasjonane. Fordi presten som har hatt konfirmasjonen har reist langt for å ha konfirmasjonane og pga. geografi og vær har ein i tillegg fleire gongar hatt behov for overnatting.

Det er sterke ynskjer frå confirmantfamiliane å ha konfirmasjonane i «si» kyrkje. Det er eit behov det kan vere viktig å imøtekomme, som også handlar om tilhørighet til si lokalekyrkje. Men knytt til ressursbruk kunne konfirmasjonssamlingane i år ha vore løyst på ein betre måte ved at ein hadde to gudstenester på same dag, evt. ein laurdag og ein søndag. Frå bispedømmet si side er ein forsiktig med å opne for laurdagskonfirmasjon, fordi ein mellom anna då gjer konfirmasjonsgudstenesten til ei privat ordning som ikkje resten av kyrkjelyden tek del i. Ein har opna for laurdagskonfirmasjon på stader med store kull, men ein ser her at det også kan vere ei utfordring å bare ha søndagskonfirmasjon også på små stader.

### 3.1.3 Utfordringar og muligheiter

Det er sjølvstøtt nokon utfordringar med eit slikt prosjekt som har blitt drevet i år, der ein fungerer som «uttrykningsteam». Det er ikkje til å kome bort ifrå at det er ein utfordring å ikkje vere lokalt forankra. Det at ein ikkje er tilstade i bygda/byen mellom samlingane gjer mellom anna tett oppfølging vanskeleg. Her kan internett vere ein god hjelp. Om enn ikkje ein fullgod erstattar er det mykje positivt med å kunne vere tilgjengeleg på nett når ein ikkje er fysisk tilstade. Ein idé for å vere tilgjengeleg på nett kan vere å lage ein facebook-profil for dei ansvarlege for confirmantundervisninga som ein kan bruke både for samtaler og til info. Dette bør ein avklare på forhand om er OK for dei føresette i gruppa.

Ein anna utfordring er å ikkje vere knytt til eit større ungdomsarbeid. Det er ei særleg utfordring i grissgrendte strøk fordi mange ungdommar flyttar vekk for å gå på vidaregåande skule. Har ein eit ungdomsarbeid å spele på lag med, kan ein mellom anna hente inn leiarressursar og ha eit arbeid å rekruttere confirmantane vidare inn i.

Det har også blitt kommentert i tilbakemeldingane at ein har sakna litt linken til undervisninga og confirmantane i gudstenestene gjennom året i og med at confirmantlærarane ikkje har vore med på gudstenestene og ikkje er ein del av kyrkjelyden.

I det store og det heile er tilbakemeldingane frå dei stadane prosjektet har vore inne med små kull at ein kunne tenke seg å vere med på eit liknande prosjekt igjen. Ein involvert svarer kort og godt «Ja» på spørsmål om ein kunne tenke seg å vere med på eit liknande prosjekt igjen. Ein tilbakemelding er at i ein situasjon der ein ikkje har eigen prest eller vedkommande ikkje skal ha confirmantar er det ei god ordning. Ein annan skriver at ein kunne tenke seg å vere med på eit liknande prosjekt med litt tilpassingar. Ein annan skriver i ei tilbakemelding at om ein skal køyre vidare med tilsvarande opplegg bør ein drøfte eit opplegg der alle partar er med og ein må også vere sikker på at ein har budsjettdekning for aktiviteten. Så erfaringane frå i år visar at eit «uttrykningsteam» er en mulighet som kan brukast når det oppstår vakanser og det kan fungere tilfredstillande. Men det krev eit godt samarbeid med lokale krefter.

Uavhengig om confirmantundervisning på ein liten stad er drifta av eit uttrykningsteam eller ikkje, vil vi anbefale å slå saman mindre grupper i konfirmasjonsundervisninga. Når det kjem til ressursbruk er

det svært positivt. For dei ansvarlege for undervisninga vil det føre til mindre tid på førebuing, færre samlingar vil føre til meir tid til andre ting og færre reiser. Samarbeider ein i tillegg med andre er det mindre sårbart med sjukdom. Og for konfirmantane er det lærerikt og sosialt å treffe andre konfirmantar.

Indre Nordfjord er ein av stadene kor ein har drevet med konfirmantsamarbeid på tvers av kyrkjelydar og sokn i lang tid. Om ein vel å gjere dette på tvers av fleire sokn er dette eit arbeid som krev mykje planlegging. Gode erfaringar frå Stryn er at ein av prestane der har vore frikjøpt frå noen andre arbeidsoppgåver for å kunne bruke meir tid på konfirmantundervisning. Og å bruke prester eller andre tilsette som ynskjer å bruke tid på konfirmantarbeidet ekstra inn i dette arbeidet kan være ein god løysing for mange. Ein tek på alvor at prester er gode på ulike ting og også at nokon ikkje ynskjer å ha konfirmantarbeid. Og for dei som ynskjer å drive med konfirmantar, gjer det arbeidsglede.

Meir om erfaringar frå Indre Nordfjord kan lesast om i del 2 i rapporten.

## **3.2 Store kull**

Arbeidet med store kull i år har vore saman med andre som allereie har eit opplegg for sine konfirmantar.

I Åsane og på Os har ein delteke på deler av undervisninga og då hatt med utdrag frå modulane. Det har vist at ein kan bruke utdrag frå modulane som kan fungere uavhengig om ein er ansvarleg for all undervisninga for eit bestemt kull. Det krev sjølvstekt god samsnakk med dei ansvarlege på den staden ein kjem.

### **3.2.1 Stasjonsundervisning**

Undervisninga ein var med på i Åsane gjekk føre som «stasjonsundervisning» på ein ettermiddag i veka. Ein konfirmantgruppe på 46 konfirmantar møtte opp i kyrkja. Dei ble fordelt på grupper på 10-12 konfirmantar som alle var innom 4 stasjoner på 25-28 minuttar. I løpet av samlinga var det ein matpause kor ein fekk servert mat og samlinga vart avslutta med ein andaktsstund i kyrkja med nokre songar og enkel liturgi. Her hadde ein tilsett hovudansvaret og fleire frivillige var med, også på undervisninga. For kvar gruppe blei det då nokre vekers mellomrom mellom kvar undervisningsettermiddag.

Det å køyre ganske korte, men intense undervisningsøkter som gjerne er aktivitetsbaserte er noko det gis god tilbakemelding på mange stader. Ein slik variant krev at undervisninga må spissast. Konfirmantane går ikkje lei når det er kort og dei tåler godt fleire stasjonar på rad. Dette er eit opplegg som kan brukast både etter skuletid og som helgesamling. Det kan brukast på store kull og når små kull blir satt saman og blir ei større gruppe. Det er prøvd ut liknande måtar å gjere gruppearbeid for dei små kulla som er satt saman i år, med gode resultat. For å variere er det mulig å ha til eksempel 3 grupper med undervisningspreg og ei gruppe som ein rein leikegruppe.

Med dette opplegget blir det mindre undervisning å planlegge for den som er hovudansvarleg. Om alle tilsette i kyrkjelyden er med på same opplegg er det også mindre sårbart i forhold til sjukdom.

### 3.2.2 Leir

Leir er heilt klar et av dei punkta som scorar høgast for konfirmantar i løpet av året. Det å kunne ha mange konfirmantar på leir på ein gong og ha store deler av undervisninga på leir er også heilt klart ressursparande for dei tilsette, kanskje spesielt for store kull. Meir om korleis ein kan arrangere leir kjem seinare i rapporten.

Eit innspel frå involverte som har arbeida med store kull er også eit helgeopplegg med «Bo hjemme-leir». Då budde konfirmantane heime om natta, men kyrkjelyden stilte med opplegg på dag-og kveldstid. Eit positivt opplegg kor ein hadde variert program med både undervisning, teater, bowling og mat. Kanskje kunne fleire kyrkjelydar gått saman om eit opplegg som dette i dei store byane, til eksempel som eit samarbeid med ungdomskatedralen St.Jakob?

### 3.2.3 Administrering

Ein ting som heilt klart må fungere med store kull er administreringa, for ikkje å drukne i mail og papirarbeid. Tilbakemelding frå ein involvert som jobbar med store kull er at ein bør ha ein leiddrevet internettside kor all den viktige informasjonen ligg ute. Eit forslag frå Åsane er også å sende ut fellesmail ein gong i månaden med viktig info. Det kan forhindre at ein blir sittande altfor mykje med mail om småting, noko som tar mye tid og ressursar frå andre ting.

### 3.2.4 «Å sjå den eine»

I ein stor kyrkjelyd er ein av dei største utfordringane å sjå kvar konfirmant som enkeltindivid. Det gjer rammene for samlingane spesielt viktig, ein tydelig start og avslutning som er gjenkjennbar. Sjølv om ikkje hovudansvarleg klarer å bli kjent med alle konfirmantane personleg, er det viktig at alle konfirmantane blir sett av nokon frivillige eller tilsette. Relasjonar er eit viktig stikkord når det gjeld konfirmantar. Det er viktig i forhold til kvarandre, dei fleste innrettar seg mykje etter flokken. Og det er viktig at leiarane får ei god relasjon til dei. Det å ha med eldre ungdomar som fungerer som rollemodeller er veldig bra. Om det er eldre frå kyrkjelyden, eittåring, praksisstudent, folkehøgskule/bibelskuleelevar eller team som kan bestillast inn som Roadservice og Ten Sing Norway.

Fordi ein er mange og ikkje alle blir veldig godt kjent med alle, er det spesielt viktig at ein kan skape gode relasjonar til konsept/kyrkjehuset/miljøet, som kan skape trygghet for den enkelte.

For at ein skal vere sikker på at alle konfirmantane har snakka med ein leiar og blitt sett av ein annan kan ein dele gruppa opp mellom fleire leiarar, slik at alle leiarane har spesielt ansvar for nokon av konfirmantane - for å sjå dei og prate med dei.

I store kyrkjelydar er det også mange stadar eit godt alternativ å bruke ulike interessegrupper som ein del av konfirmantåret og undervisninga. Det er med på å gje eit variert konfirmantår, rekrutterer til ungdomsarbeid og «letter trøkket» til dei tilsette. Men for at det skal fungere godt, er ein avhengig av tenke som eit team med alle dei som er ansvarlege for dei ulike interessegruppene. Ein må kunne stille krav til eksempel til leiarar på koret og KRIK om at dei driv eit forsvarleg opplegg, og frivillige leiarar må kunne stille som krav til dei tilsette i kyrkjelyden at dei blir sett og tatt på alvor og fylgd opp.

Meir om interessegrupper/differensierte tilbod, samarbeid med organisasjonar og om frivillige kjem seinare i rapporten.

#### **4. Vidare muligheiter for arbeid med små og store kull**

Ein av tinga vi hadde ønske om, men ikkje fekk tida til å prøve ut sjølv dette året, er «nettkonfirmasjon». Espen Ingebrigtsen, som har utarbeida dette opplegget sit i ressursgruppa. Seinare i rapporten har han skrive utfyllande om dette tilbodet, som kan vere bra og nyttig å bruke både i små kull og store kull.

Om ein planlegger å drive eit liknande opplegg med uttrykningsteam og modular i framtida, vil det vere naturleg å sjå framover mot den nye ungdomskatedralen i Bjørgvin «St.Jakob», ein kyrkje som skal fokusere på ungdom. Her kan ein sjå føre seg at ein kan kunne tilby opplegg for konfirmantar også frå andre stader enn Bergen domkirkemenighet. Til eksempel kan ein arrangere helgar med konfirmantundervisning og sosialt opplegg. Om ein då tenkar at ein i St. Jakob tilbyr ein eller fleire modular på ein helg kan ein då få dekt delar av undervisninga for sine konfirmantar, i tillegg til at konfirmantane får ein sosial møtestad. Med erfaringane får dette året er det noko ein kunne tilbydt både små og store kull.

For nokon vil ein måtte reise eit stykke, men som ein del av eit større undervisningsopplegg på eit heilt år vil ei slik løysning vere med på å lette undervisningsmengda for dei tilsette og gjev sosiale møtepunkt for konfirmantane. I år sakna vi for eksempel å kunne reise vekk ein helg med konfirmantane i Vik, kanskje kunne ein helg i St.Jakob vore eit godt tilbod til dei.

Seinare i rapporten vil ein også finne andre konkrete tips til gjennomføring av konfirmasjonstida.

## DEL 2

Gjennom arbeidet med prosjektet og i ressursgruppa har det dukka opp fleire moment rundt det å drive konfirmasjonsundervisning som vi har ønska å ta med i rapporten, sjølv om ikkje alt kan ledast direkte ut av dei erfaringane gjort på dei ulike stadane vi har vore. Derfor kjem dette i ein del to i rapporten.

### 5. Små kull

#### 5.1 Erfaringar frå Indre Nordfjord

*(Kapittelet er skriva av kateket Jo Edvardsen og Kjetil Netland)*

Konfirmant-teamet i Indre Nordfjord har sidan 2007 utvikla konfirmantopplegget FØLG MEG. I 2008 og 2009 fekk vi støtte frå OVF for å utvikle eit konfirmanthefte med tilhøyrande rettleiing.

Bakgrunnen for dette utviklingsarbeidet var at vi var tre prestar og to kateketar som dreiv kvar for oss med ulike opplegg i tilsaman ni sokn. Nokre av sokne er svært små, med berre nokre få konfirmantar, medan hovudsokna hadde konfirmantkulle på mellom 20 og 60.

Vi innsåg at vi utnytta medarbeidar-ressursane dårleg, og at vi kunne vi gje konfirmantane eit betre tilbud ved å samarbeide på tvers av sokne-, prestegjelds- og kommunegrensar.

Føresetnaden var at vi måtte verte samde om eit felles opplegg, med tema og struktur som alle brukte. For kyrkjelege solospelarar var det ikkje utan innkøyringsvanskar, men vi fann fort ut at dette var så bra at vi har halde på det sidan. Opplegget vårt har nokre føresetnader: samarbeid mellom medarbeidarar, ei fast ramme og konsentrasjon om det viktigaste.

#### Aldri åleine

Vi er einige om at ein vaksen ikkje skal vere åleine om å gjennomføre ei samling med konfirmantane, sjølv om gruppa er lita og grei. Ved å vere fleire i lag kan vi støtte kvarandre på ulike måtar. I fellesdelane av samlinga kan ein ta seg av å leie andakt eller gje informasjon, medan den andre registrerer fram møte, hjelper dei som kjem seint raskt til å finne plass, og kan handtere evt forstyringar med ein gong, utan at framdrifta i samlinga stoppar opp. Ved å vere to eller fleire, kan konfirmantane delast i mindre grupper; slik er det enklare å få kontakt med kvar konfirmant, og ved å la gruppene møte ulike personar som leiarar, blir det ein naturleg variasjon. Det er ikkje føresetnad for opplegget at alle leiarane er prestar, kateketar eller tilsvarande. Dei andre vaksne kan vere andre kyrkjelege tilsette, foreldre eller andre ressurspersonar. Meir om det kjem nedanfor.



Å vere to eller fleire løysar ikkje alle problem med utfordringar i konfirmantundervisninga, uro og uønska åtferd forsvinn ikkje. Fordelen er at om det har vore ei vanskeleg samling, så er ein fleire om

opplevinga. Då slepp ein å gå heim åleine i frustrasjon eller med ei kjensle av nederlag. I staden kan ein setje seg ned, med det same eller seinare for å snakke gjennom: Kvifor vart det slik? Kva kan vi gjere annleis neste gong for å unngå at dette skjer på nytt? Og har timen vore ein suksess, så er ein fleire til å glede seg over det! Hugs at delt glede er dobbelt glede, og delt sorg er halv sorg.

### Ei fast ramme



Vi menneske er vanedyr, og det å ha ein fast struktur på samlingane med konfirmantane heilt frå starten er eit godt hjelpemiddel for å skape ro og konsentrasjon. Ein annan viktig fordel er at ved å ha ei felles fast ramme som alle leiarane nyttar seg av, kan ulike leiarar vere innom den same konfirmantgruppa. Undervisninga blir likevel gjennomført på ein måte som konfirmantane kjenner igjen. Leiarane kan då og enkelt gå inn og ta undervisning for

kvarandre, fordi alle har det same faste struktur. Opplegget må likevel ikkje vere så fast at det blir ei tvangstrøye, men opne for å gje samlinga ein personleg og aktuell profil.

### Konsentrasjon om kjerneinnhald

Konfirmantheftet FØLG MEG er lite i omfang i forhold til vanlege konfirmantbøker. Vi ville ikkje lage eit opplegg med mykje tekst, men gje det viktigaste i konsentrert form.

Fokuset på det sentrale er eit bevisst val av oss. Då konfirmanttida framleis er det mest omfattande tiltaket og av dei som har størst oppslutnad i kyrkja si trusopplæring, og den siste sjansen ein har til å gje dei døypte ein samanhengane presentasjon av grunnlaget for kristentru og kristenliv, må dette høvet nyttast til å la det viktigaste kome først. Denne tenkinga pregar og utvalet av emne, som er gjort med skulen sitt RLE-fag som bakgrunn: konfirmantundervisninga må vere tydeleg på det som ut frå kyrkja si vedkjenning er det sentrale: Jesu liv og gjerning som grunnlaget for kristen tru, og konfirmantundervisninga må gje hjelp til å leve eit kristent liv i kvardagen. Dette er emne som skulen ikkje kan ha som hovudsak i si undervisning, difor må dei vere tydeleg framme i konfirmanttida. På den andre sida har opplegget vårt mindre fokus på etiske emne, som skulen har mykje av. Kyrkja sitt bidrag til etisk refleksjon må vere å gje ei grunnleggjande forståing av at den kristne etikken har som føresetnad normer som byggjer på at mennesket er skapt i Guds bilete, med eit ansvar og at Gud har openberra seg for å gjere sin vilje kjend. Ulike konkrete utformingar av dette kan variere ut frå kva ressurspersonar ein kan bruke, aktuelle tema lokalt eller i tida.

## Medarbeidarar – menneskelege ressursar



Det er viktig å ikkje tenke for snevert om kven som kan vere medarbeidarar i konfirmanttida! Nokre tilsette har eit direkte ansvar for konfirmanttida (prest, kateket, kyrkjelydsarbeidar), men det er ikkje det same som at berre dei skal få møte konfirmantane. Her gjeld det å sjå på kva som kan vere moglege lokalt, med opne auge. Vi vil serleg peike på tre grupper: Er det andre av dei tilsette som kan gjere ein avgrensa innsats i konfirmanttida, anten med basis i utdanninga eller stillinga, som at kantor bidreg med musikk eller kyrkjetenaren

fortel om kyrkja, eller ut frå interesse og evner – kan hende finst dei ei kyrkjeverje som kan leie ein kreativ verkstad? Ei anna gruppe er vanlege menneske i kyrkjelyden som har noko å dele ut frå ein erfaring dei har gjort, ut frå yrke eller interesse, som kan vere med som ressurspersonar til enkelte tema, som "dagens gjest".<sup>1</sup>

### Foreldra som medarbeidarar

Den gruppa som vi mest aktivt har trekt inn i konfirmantundervisninga er foreldra. Det har vi gode erfaringar med. Allereie frå innskrivinga på forsommaren presiserar vi at det er ikkje berre ungdomane som melder seg til å vere konfirmantar, foreldra melder seg også til å vere konfirmantforeldre. Frå kyrkja ser vi på dei som viktige medarbeidarar for å gjere konfirmanttida til ei god oppleving for alle.

Vi har lenge brukt konfirmantforeldra til praktiske oppgåver gjennom året, som å køyre når vi skal på tur, vere med som lagleiarar og kioskansvarlege når vi er på nattcup, til gjennomføring av innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp eller servering når vi skal ha mat på temasamlingar. Det held vi fram med, men då vi starta med konfirmantspeiding, ein variant av konfirmanttida der all undervisninga var i friluft, så fekk vi ei utfordring. Det melde seg mange, og skulle vi gjennomføre opplegget vårt, måtte vi dele desse i ganske små grupper. Difor bad vi to foreldre vere med oss kvar gong. Dette fungerte så flott, at vi no har med foreldre også i den "vanlege" konfirmantundervisninga. Ved innskrivinga seier vi frå at vi ynskjer at foreldra til kvar konfirmant hjelper til to gonger gjennom konfirmantåret, ein gong med ei praktisk oppgåve, der dei kryssar av etter ei liste vi har sett opp, og ein gong med å vere med på konfirmantundervisninga. Vi trur at ein nøkkel til å få det siste til å fungere er at vi brukar alle, ikkje berre dei mest husvarme i kyrkja, då er det greitt for alle. Så får konfirmantane oppleve foreldra til kameratane sine som "lærarar", og foreldra frå sjå korleis det er å vere konfirmant i dag. Det er viktig at dei oppgåvene foreldra får er godt førebudd av oss, og at dei kan gjennomførast av alle utan krav om uttrykk for personleg tru eller spesielle evner. Samstundes har vi opplevd at det å be konfirmantforeldre vere med skapar ein ny dynamikk i undervisninga, fordi vi gjev dei tiltru til å gjere også dei sentrale oppgåvene. Vi treng dei

---

<sup>1</sup> Døme på korleis dette kan gjerast finst m.a. i vegleiarheftet til Konfirmantbibelen, side 34-35.

til å gjennomføre konfirmantopplegget, ikkje til å sitje bak i rommet som vakter fordi konfirmantane er spesielt urolege.

I dei ulike temaopplegga er det minst ein av postane som er tillaga med tanke på at den kan leiast av foreldre, og det er avmerka under avsnittet "Opning", i punktet om inndeling i grupper. Reint praktisk har vi gjort det slik at når vi set opp semesterplanen med dato og emne for dei ulike samlingane, så set vi opp namn på ein eller to konfirmantar kvar gong, og bed om at ein av foreldra til den konfirmanten er med på samlinga. I tillegg er det greitt med ei påminning nokre dagar før, og kan ein sende ut opplegget til den oppgåva foreldra skal ha i forkant, er det ein fordel. Elles har vi bede foreldra møte 15-20 minutt før konfirmantane og gjeve dei ein rask instruksjon i kva dei skal gjere. Då må sjølvstøtt alt utstyr som trengst vere klargjort og på plass. Å bruke foreldra på denne måten kan opplevast uvant og kan hende litt skummelt, av både leiarar, foreldre og konfirmantar – men vår erfaring er at det er berre å sleppe laus!

Dette opplegget er meint å vere fleksibelt, og kan nyttast av både store og små grupper. Det har dei siste året vore i bruk mellom konfirmantane i Årdal, Balestrand, Høyanger, Hyllestad, Selje, Eid, Sunnlyven, Hornindal og Stryn.

Dersom de er interesserte i å få meir informasjon om FØLG MEG og våre erfaringar, kan de kontakte: Kateket i Stryn, Beate Nes, [beate.nes@stryn.kommune.no](mailto:beate.nes@stryn.kommune.no), tlf 57874813  
Eller: Prost i Sogn Kjetil Netland: [kjetil@sogndal.kyrkja.no](mailto:kjetil@sogndal.kyrkja.no) tlf 91103134

## 6. Store kull

Noko av det vi peika på i del 1 om store kull handla om å sjå den eine i fellesskapet. Nokon av «løysingane» på dette skreiv vi kunne handle om teamarbeid i kyrkjelyden og differensierte tilbod. Derfor skriv vi noko meir om dette i del 2.

### 6.1 Et differensiert interessegruppe-tilbud i konfirmasjonstiden (Kapitlet er skrive av Espen Ingebrigtsen)

#### Ressurser

En stor utfordring for en menighet med mange konfirmanter er ressurs-spørsmålet. Har man nok ressurser til både å gi konfirmantene et godt undervisningstilbud og samtidig tilhørighet og engasjement i en av aktivitetsgruppene tilknyttet menigheten?

#### Fordeler og ulemper med interessegrupper

Fordelene med aktivitetsgruppene eller interessegruppene er mange. Det skaper tilhørighet, engasjement, vennskap og relasjonelle og erfaringsbaserte trosopplevelser, trosutøvelse og kunnskap. Og i noen tilfeller får også konfirmantene et positivt innblikk i en kirkelig organisasjon som er knyttet opp mot menigheten (KRIK, KFUK/M, NMS, SJØMANNSKIRKEN m.m). Det frivillige engasjementet er også en viktig faktor i interessegruppe-arbeidet. Dette skaper ringvirkninger for både tilhørighet og eget engasjement.



Det finnes også en del ulemper knyttet til interessegruppe-tilbudet. Det krever mange ressurser å holde i gang flere interessegrupper. Mye ansvar kan fort bli liggende på en eller flere ansatte. Lederne i interessegruppen er ofte unge og uerfarne og krever mye oppfølging og omsorg fra voksne ressurser som er vanskelig å få fatt på. Andre faktorer som kan fort bli en ulempe er mangel på kvalitet og innhold i en interessegruppe.

### **Bør så alle konfirmantene få et interessegruppe-tilbud?**

Om svaret blir nei kan man fort komme i et ekskluderingsdilemma. Hvem skal få tilbud og hvem skal ikke få tilbud? Dette kan fort bære galt av sted og er ikke til å anbefale. Målet er at alle skal føle at de er på A-laget, enten alle har et likt opplegg eller de har valgt forskjellige interessegrupper i tillegg til den vanlige undervisningen.

Om alle får tilbud om interessegrupper kan man havne i samme ekskluderingsdilemmaet fordi noen interessegrupper kan være mer populære enn andre. Hvem skal da få plass og hvem skal ikke? Prinsippet om «førstemann til mølla» er mye brukt, men har sine fordeler og ulemper. Loddrekning likeså. Familiens økonomi bør ikke bli et kriterium for hvem som har mulighet for å delta eller ikke. Det viktigste er at det ikke blir menighetens ansatte som alene tar avgjørelsen om plassering.

### **Differensiering**

Vi strever mot det målet at alle interessegrupper skal være like populære og at alle har høy kvalitet. Det målet skal vi holde høyt! Men kanskje like viktig kan en «innsats og tidsmessig» differensiering av interessegruppene være? Konfirmantene har ulik aktivitetsnivå på fritiden. Noen er så opptatt med fritidsaktiviteter at konfirmanttiden blir en sann prøvelse i fravær, tilpasninger og purringer. Andre har ingenting annet på fritiden og er motivert for engasjement og deltakelse i konfirmanttiden. Atter andre har lite engasjement og motivasjon i konfirmanttiden tross få fritidsaktiviteter utenom.

Om informasjonen til konfirmantene og familien er kvalitetssikret, og tilbakemeldingsmetodene fra konfirmantene og familien er godt utviklet, kan dette hjelpe og føre ansvaret for valget over på konfirmanten og familien. Intervju og rådgivning med konfirmanten før valget av interessegruppe er en mulighet. Et gjennomarbeidet søknadsskjema med forpliktelser fra konfirmanten og familie er en annen mulighet.

Poenget her er at vi også må legge til rette for at konfirmanten og familien får mulighet til å reflektere og ta ansvar for å velge den interessegruppen som passer konfirmantens aktivitetsnivå. Dette krever igjen at menigheten legger til rette for interessegrupper som reelt sett har interesse og som er «innsats og tidsmessig» differensiert. Alle konfirmanter skal få mulighet til å bli engasjert og føle tilhørighet i en interessegruppe, enten man har mye tid og innsats å legge i potten, eller man har mindre av dette pga andre fritidsinteresser. I informasjonsbrosjyren bør det stå hvilke grupper som krever mye, middels og minst tid og innsats, og en anbefaling om at de med en hektisk fritidsuke bør velge kategori 1 osv.

Et annet dilemma er de konfirmantene som viser lite motivasjon eller ikke har de samme ressursene som de ressurssterke. Hva skal så disse anbefales å velge? Svaret er ikke enkelt, men som i alt vi driver må de svakeste løftes fram og gis de samme mulighetene som alle andre. Dette må menigheten legge til rette for.

Det finnes ikke noen fullkomne svar på hvordan man skal håndtere et interessegruppe-tilbud, men ressursgruppen som har skrevet denne rapporten heller til følgende konklusjon:

1. Alle må få tilbud om en grunnpakke som inneholder undervisning, livstolking, livsmestring, trosutøvelse/opplevelse/erfaring, sosialt fellesskap og menighetstilhørighet. Dette tilbudet bør tilfredsstille de minimumskravene som stilles til konfirmanttiden.
2. Et eventuelt interessegruppe-tilbud bør gis til alle konfirmantene og kan med fordel være differensiert. De konfirmantene som ønsker å investere mye tid og engasjement i menigheten/interessegruppen skal få muligheten til det gjennom en passende interessegruppe. Likeledes skal de med mindre tid (men mye engasjement) få et like godt tilbud gjennom en mindre «krevende» interessegruppe. Intervju, informasjon og et godt søknadsskjema vil være med å fordele ansvaret for valget mellom alle aktørene.

## **7. Små og store kull – «Å finne det positive der ein er»**

*(Innleiinga til kapittel 7 er skrive av Åse Kristin Aagaard og Marte Ottesen)*

Å ha eit positivt blick på si eiga konfirmantkontekst, kan noen gonger by på utfordringar; det er lettare å sjå begrensningane enn moglegheitene.

Spør då heller: Kva kan vi gjøre nettopp fordi vi er så mange eller så få?

Kva moglegheitar har vi i denne bygda til å drive godt konfirmasjonsarbeid?

Kva gledar gjev det oss at vi har så mange konfirmantar i vår kyrkjelyd?

Hadde dei hørt forteljingane før? Lærte dei noko nytt?

Har lært om skapinga og om Bibelen på denne samlinga. Har høyrte at sannsynlegvis så blei ikkje jorda skapt på seks dagar, men det er brukt bilete for at vi skal forstå hovudbudskapet – at Gud skapte jorda, og at vi har ansvar for ho.

Det er ein tykk bok og det står masse i Bibelen. Den vart skriven for fleire tusen år sia, men kvifor kan den likevel sei oss noko i dag?



Vi finner også det som vi kallar evangeliet i Bibelen – det er her forteljingane om **Jesus** står, kva han sa og gjorde – kva han seier til oss i dag.

Og sjølv om det er fleire tusen år sia den vart skriven, så er ikkje menneska så forskjellig då som no. Vi har dei same følelsane og treng å få høyre dei same tinga. Så lever vi i ei anna tid og nokon gonger må vi sjå på kva som er annleis i dag. Kva er det viktigaste i Bibelen? Kan vi tro på alt?

Vise til konfirmantbibelen: Her står det masse stader ein kan lese i Bibelen. Tips til fine stader å lese. Tips til dei mest kjende historiene osb.

Oppfordre til å lese i Bibelen og bruke Bibelen!

#### **14) Quiz om dagens tema**

Ein enkel quiz med korte, greie spørsmål om dagens tema kan være ei grei avslutning på dagen og ein muligheit til å oppsummere det ein har snakka om. Bør være litt løs stemning og ikkje noko problem om nokon svarar feil!

#### **15) Liturgisk samling med bøn, lystenning, andakt og song**

Forslag til liturgi ligger vedlagt.

## **Modul 2: ELSKA**

### **a) Jesus**

Jesu liv, død, oppstoda

### **b) Bøn**

bøn, WWJD

**Rom:** Nokre ulike rom til å dele opp konfirmantane i smågrupper

**Trenger av utstyr:** Flip over/skjerm til å vise power point, Papir og teikneutstyr, telys til avslutninga, kan ha noko enkle kostymar til dramastykket. (Kan være gøy, men er ikkje nødvendig!)

### **Mulig dagsplan/framdriftsplan:**

**11.00:** 1)Info om dagen + leik

**11.20:** 2)Intro til tema: Jesus

**Stikkord:** GT-profetiar, fødsel, tidlige år, Jesus som venn og forbilde.

**11.30:** 3)Kreativt bibelarbeid i grupper: Jesu liv og møter med menneske

**12.15:** Pause

**12.30:** 4)Undervisning og film

**Stikkord:** Jesu død og oppstode

**13.00:** 5)Lunsj

**14.00:** 6)Leik

**14.20:** 7)Intro til tema: Bøn

**Stikkord:** Bøn, bønnesvar, forbøn

**14.35:** 8)Gruppearbeid om bøn.

**15.15:** Pause

**15.35:** 9)What Would Jesus Do.

**16.20:** 10)Quiz og framsyningar

**16.40:** 11) Avslutning med bønevandring

**17.00:** Takk for i dag!

Om ein har om Jesus i forbindelse med jul er dette ein god mulighet til å fokusere på Jesus sitt budskap midt i julestresset og kanskje ha eit ekstra fokus på inkarnasjonen.

Om ein har om Jesus i forbindelse med påske er dette ein god mulighet til å gjere ein påskevandring i kyrkja. Ein kan «gå» mellom dei ulike dagane, nytte dramatisering, bilete, fotvasking og gjerne måltid/nattverd i forbindelse med skjærtorsdag.

## a) Jesus

*Sentrale Bibeltekstar: Luk 2; Joh 3,16; Joh 14,6; Matt 26-28;*

### 1) info om dagen. Bøn for dagen. Leik.

Forslag til leik:

«Zip Zap boing»

Alle konfirmantane står i ein ring. Poenget er at ein har gåande ein «straum». Ein begynner og sender strauten til sida ved å halde handflatene saman peike til ein av sidane og seie «Zip». Den som mottar strauten har då ansvar for å føre den vidare. Anten ved å gjere som den ein fekk den frå og seie «Zip» til nestemann, eller sende den lengre enn nestemann, for eksempel rett over seg. Skal strauten lengre enn rett til sida, må ein seie «Zap». (Ein held heile tida handflatane saman) Den som mottok kan Zappe vidare, zippe til sidemannen eller speile den ein mottok strauten frå ved å ta begge henda framfor seg og seie «Boiing». Då går strauten tilbake til den han kom frå og den må sende den vidare til nokon andre. Ein går ut etter kvart, og det er om og gjere å stå igjen til sist.

### 2) Intro til tema Jesus

**Stikkord:** GT-Profetier, fødsel, tidlige år, Jesus som ven og forbilde.

Forslag til introduksjon til tema:

**Starte med spørsmål:** Kven er Jesus? Skrive opp svar på Flip over.

(Korleis så han ut, kva gjorde han, korleis var han...)

Vise forskjellige bilder av Jesus.

Tiden før Jesus ble født:

Ein kan fortelje om samfunnet på Jesu tid. Folket var undertrykte av romerane. Dei las i sine heilage skrifter og fann at det skulle komme ein konge å fri dei. Så dei venta på ein frigjører.

Så blei Jesus fødd. Som eit lite barn. Av en fattig familie. Ikkje det som var forventa. Skulle ikkje bare frigjøre folket fra romerne. Men frå synd og død.

Fantes profetier i GT. Det er ein samheng mellom det som står i GT og det som står i NT. Det sto om ein som skulle komme.

**Spm.:** Hva tror dere ville skjedd hvis Jesus ble født i dag?

Når Jesus vart fødd, blei Gud menneske. Kom nær til menneskene. Var ikke bare en fjern Gud i himmelen. Men kom for å være nær menneskene. Var Guds sønn. Var Gud. Det er det vi feirer i julen. At Gud kom til oss. At det ble skapt en bro mellom Gud og menneskene. Jord og himmel møtes.

**Spm.:** Veit de noe om Jesus si barndom?

Det står lite. Ein forteljing: Jesus i tempelet. Luk 2, 41-52

### **Oppgåve:**

Forestill deg at du er faren/moren til Jesus. Kva ville du tenkt om det Jesus sa i vers 49? Hadde du trudd på at han var Guds son? .

### **Hvem er Jesus for meg?**

Den som leiar økta kan seie noko om kven Jesus er for seg.

### **Jesus som ven.**

**Spm.:** Kva er viktig for deg i eit venskap? Korleis veit du at du kan stole på ein ven? Tilgjev du ein ven som har svikta deg?

### **Fortelje om Peter.**

Var Jesus sin bestevenn. Var saman med Jesus heile tida. Hørte på han. Var begeistra. Var ein av disiplane. Elska Jesus. Og han lova Jesus at han aldri skulle svikte han!

Så kom påsken. Dei som hadde makta var redd for at Jesus skulle få for mye makt. Og dei var sint fordi dei meinte at Jesus spotta Gud. Jesus visste at det kom til å skje. Og han var redd. Så han bad vennene sine vere med han om natta. Han bad dei om å være vakne med han.

Men kva skjedde? Disiplane sovna. Alle saman. Jesus blei tatt til fange.

Og det var no Peter skulle forsvare Jesus og vise kor mykje vennskapen deira betydde.

Trur de han klarte det? Nei. Han svikta Jesus fullstendig. Han følgde etter Jesus. På avstand. Men når folka utanfor spurde om han kjende Jesus så svara han nei. 3 gonger.

Spm: Var det å vere ein god ven? Ville de tilgitt dette?

Jesus tilgav Peter. Og Jesus vet at vi ikke er supermennesker. Han vet at vi alle gjør feil. At vi kan svikte. Men han gir oss alle en ny sjanse. Hver gang vi spør om det.

**Jesus seier:** Eg kallar dykk vener. (Joh 15,15)

Jesus – går saman med oss, vil ta del i problema våre, ser oss.

Peter: Svika. Mista motet. Trudde at Jesus var borte for alltid.

Jesus tilgir svik. Held oss fast fast. Når vi trur Jesus er borte kommer han til oss.

**Spm.:** Kan Jesus vere en ven for menneske i dag? Korleis?

Kan be. Kan lese om han. Kan få andre til å fortelje. Kan prøve å tenke What Wuold Jesus Do.

### **3)Kreativt bibelarbeid i grupper: Jesu liv og møter med menneske**

Ein måte å lære meir om Jesus på, kan vere å jobbe kreativt med bibeltekstar om Jesus.

### Kvinna som var gripen i ekteskapsbrot

- Kven føra kvinna til Jesus?  
Kor mange stein kasta dei på ho?  
Kvifor trur de at Jesus skreiv på jorda med fingeren?
- Kva var det siste Jesus sa til ho? Kva seier det om Jesus?

**Oppgåve:** Lat som om du er kvinna og skriv eit dagboksnotat om det som hendte i møtet med folkemengda og Jesus.

Lat som om du er ein av farisearane og skriv eit dagboksnotat om det som hendte i møte med Jesus og kvinna.

- Korleis møtte folkemengda og Jesus kvinna?
- Kven er det vi dømmar? Kvifor?
- Når har vi behov for tilgjeving? Når treng vi å tilgi andre?

### Den miskunnsame samaritan (Luk 10, 25-36)

Kvifor trur du at dei lovkunnige ville setja Jesus på prøve?  
Kvifor trur du dei to første berre gjekk rett forbi mannen?  
Kva seier denne forteljninga om Jesus?

**Oppgåve:** Lag eit intervju (Enten som drama eller som til ein avis) med presten som gjekk rett forbi, samaritanen og mannen som vart hjulpen om det som hendte og om kvifor dei handla som dei gjorde.

- Kven kan vere vår neste? Går det noen grense for kven vi vil sjå på som vår neste?
- Kven er det vi berre går rett forbi i våre liv?

### Den blinde Bartimeus (Mark 10,46-52)

Kvifor trur de at folkemengda bad Bartimeus om å teie då han ropa på Jesus?  
Kvifor trur de at han ikkje høyrde på folkemengda, men berre ropa enda høgare?  
Kva tydar det at Jesus seier «Di tru har frelst deg?»

**Oppgåve:** Lag ein teikneserie eller eit dramastykke om det som hendte med Bartimeus.

Kva kan vi vere blind for i våre liv? På kva måte kan forteljningane om Jesus hjelpe oss å sjå det vi er blinde for?

Kva er du glad for i ditt liv? Korleis kan dette smitte over på andre? I Noreg? I verda?

## **4)Undervisning om Jesu død og oppstode**

**Stikkord:** Jesu død og oppstode

Om det er påske kan dette vere ein gyllen anledning til å gjere ei påskevandring med konfirmantane. Gå saman eller i grupper til ulike postar, for eksempel i kyrkjerommet eller ute i naturen. Ein kan

bruke poster som fotvasking, måltid, lese deler av påskehistoria, nokon kan dramatisere deler av historia for konfirmantane om ein har folk til det.

Ein kan uansett fortelje påskeforteljinga for konfirmantane, kanskje sjå nokon filmklipp underveis. Det er ein mulighet til å sei noko om synd og frelse. Ein kan gjerne også bruke noko tid på å vise til argumenter for at Jesus verkeleg stod opp frå dei døde.

## **b) BØN**

*Sentrale bibeltekstar å bruke: Matt 6, 7-13; Matt, 7-12*

### **7)Intro til tema: Bøn**

**Stikkord:** Bøn, bønnesvar, forbøn

Forslag til introduksjon til tema:

Kan fungere som førebuing til gruppearbeid/kontekstuelle bibelstudiar om «Vår Far».

Spm: Kjenner de til nokre bøner? (Vår Far, Kjære Gud eg har det godt, O du som metter liten fugl...)

Bøn er mykje forskjellig. Alle menneske kan be. Ein treng ikkje å kunne masse fancy ord for å be. Når menneske får problem er det mange som ber til Gud. Sjølv om dei til vanleg seier at dei ikkje trur på Gud. Korleis kan det ha seg, trur de?

Bøn kan vere mykje og det kan vere lite. Det kan vere **Vår Far** som er bøna Jesus lærte oss. Den skal vi jobbe med etterpå. Og det kan vere eit **hjartesukk** som berre du og Gud høyrer.

Bøn er **dialog**. Ein snakkar med Gud. Sjølv om ein ikkje alltid føler at ein får svar.

### Får ein svar når ein ber?

Kom gjerne med ei forteljing om svar på bøn!

Jesus har sagt at den som ber skal få svar. (Matt 7,7) Nokon har forteljingar om det dei meiner er heilt klare og tydelege svar på bøn. Andre kan fortelje at dei har bedt og bedt i fleire år utan å ha fått svar.

Andre igjen kan fortelje at dei først kunne sjå svara på bønene sine etter fleire år.

Ingen kan lova at du får svar på alle bønene dine med ein gong eller at du får akkurat det svaret du har ønska deg. Kanskje ser Gud klarere kva vi treng enn kva vi sjølv kan sjå?

Men Gud bryr seg om menneske og vil oss berre godt. Gud er i bevegelse og blir merka når vi har det vondt. Det kan vere godt for oss å be. Det er som oftast godt å snakke med nokon andre om det ein bærer på, leggje det over på nokon andre. Og alt i verda taklar vi ikkje sjølv. Då kan det vere godt å spørja/samtale med nokon andre.

### **8)Gruppearbeid om bøn. «Vår Far» - noko av spørsmåla er inspirert frå “Global konfirmant”**

Lese Vår Far sammen.

1. Kva handlar denne teksten om?  
Skriv ned svara på Flip Over!
2. Kva bes det om ifølge denne bønna Jesus lærer bort til disiplane sine. Lag ei liste.
3. Kor skal Guds vilje skje slik det framstillast i denne bønna?  
Korleis kan Guds vilje skje på jorda?
4. Kvifor tror dykk at Jesus var opptatt av «det daglege brød» i vers 11?  
Kven treng dagleg brød i dag?
5. Kva konsekvensar får det at det står «Gjev OSS» og ikkje «Gjev MEG» i Vår Far?
6. På kva andre måter går det an å be til Gud?
7. Kva ber du helst til Gud om?
8. Om du skulle laga ein ny «Vår Far» kva ville du tatt med i bønna?

### **9)What Would Jesus Do**

Forslag til introduksjon til tema:

Ein kan dele i grupper for lettare å få til samtaler. Overtema er «What would Jesus do» med undertemaene «Følg meg» og «Disippelgjering». Målet er å snakke litt om korleis Jesus møta menneske og korleis ein kan bli inspirert til å følgje Jesus i dag. Kva vil det sei å følgja Jesus?

Ein inngang er å sei noko om WWJD-beveginga. Den kan ein lese om på internett. Poenget er at nokon begynte å stille seg spørsmålet «Kva ville Jesus gjort» før dei skulle ta val, og det spreia seg til heile verda.

#### **Spm. ein kan ta utgangspunkt i:**

Er det nokon forskjell på menneske som er kristne, og dei som ikkje er det?

Kva trur du er årsaka til at menneske vel å følgje Jesus og bli kristne?

Kvifor trur du at Jesus valte vanlege fiskarar til læresveinar i staden for menneske som kunne mye om Gud?

Å vere Jesu disippel tyder mellom anna å prøve å gjere det Jesus ville ha gjort. Beskriv ein situasjon der du trur det ville ha vore spesielt vanskeleg.

#### **Spørsmålsark med kva Jesus gjorde**

Con Dios har eit opplegg kor ulike situasjonar er beskrevet, så skal ein svare på kva Jesus gjorde i den gitte situasjonen, som går an å bruke i forlenginga av dette.

### **10) Quiz om dagens tema**

Ein enkel quiz med korte, greie spørsmål om dagens tema kan være ei grei avslutning på dagen og ein muligheit til å oppsummere det ein har snakka om. Bør være litt løs stemning og ikkje noko problem om nokon svarar feil!

### **11) Liturgisk samling med bøn, lystenning, andakt og song**

Forslag til liturgi ligger vedlagt.



## **Modul 3: Haldt oppe**

A) Den Heilage Ande

B) Rettferd og sosialt ansvar

Å leve som kristen

Kristent fellesskap

**Rom:** Nokre ulike rom til å dele opp konfirmantane i smågrupper, gjerne et stort rom kor ein kan gjere litt aktiviteter

**Trenger av utstyr:** Flip over/skjerm til å vise power point, ballar, Papir og teikneutstyr, telys til avslutninga, kan ha noko enkle kostymar til dramastykket. (Kan være gøy, men er ikkje nødvendig!)

### **Mulig dagsplan/framdriftsplan:**

#### ***Fordelt over 2 dager***

##### **Dag 1**

14.00: 1)Info om dagen og mat

14.30: 2)Leik i grupper – med fokus på Den Heilage Ande

15.00: 3)Stasjonsarbeid om Den Heilage Ande

16.15: 4)Oppsummering og quiz

16.30: 5)Avslutning

##### **Dag 2**

14.00: 6)Info og mat

14.30: 7)Leik: Urettferdig versjon av «Kims lek»

15.00: 8)Bibelarbeid om rettferd i grupper

16.00: 10)Oppsummering og quiz

16.30: 11) Avslutning

## **A) Den heilage Ande**

*Relevante Bibeltekstar: 1 Kor 12; Apg. 2; Joh 14 og 16; Gal 5, 22-23a*

### **2)Leik i grupper – med fokus på Den Heilage Ande**

Med disse øvingane er det ønskeleg at konfirmantane både skal vere i aktivitet og få en forståing av kva Den Heilage Ande er og gjør samtidig. Ein kan komme med korte innspel til kva som kjenneteiknar Den Heilage Ande underveis.

- **Innføring av temaet**  
Den som lei ar aktiviteten seier noko kort om kven Den Heilage Ande er.
- **Helsing med bevegelse i rommet**  
Musikk. Alle beveger seg rolig gjennom heile salen. Det er viktig å fylle ut / benytte seg av heile rommet. Kvar gong dei kjem mot ein annan ser dei på kvarandre, smiler, helse r med hand eller klem osv.
- **Oppvarming**  
Ca 5 min intensiv kroppslig aktivitet: f.eks. klatre opp veggen i gymsalen om ein har det, løpe rundt, kanskje kan ein lede gruppa slik at når den gjer ei beveging skal alle dei andre gjere det same.
- **Pusteøvelse**  
Stå rolig og avspent, ha god plass rundt seg, lukke øynene, legg merke til pusten. Pust ut og pust inn. (Blir leia med rolig stemme.) Kort kommentar om sammenheng mellom pust / vind og Den Heilage Ande
- **Sjonglering med ball**  
Alle fordeler seg i heile salen. Vi begynner med 1 ball ( f.eks. volleyball). Så blir det etter kvart fleire som blir kasta samtidig, 2, 3, 4, kanskje enda fleire. Alle må prøve å følge med heile tida for å få til eit samspel.
- **Stemmekonsert**  
Begynne med pusten. Kvar ein velger seg ein lyd, tone som passer. Så begynner vi samtidig å lage denne lyden. Først svak og lav, så sterkere og sterkere. Det er godt om ein del av gutta3ne kan velge djupe toner for å få til ein fyldig klang.
- **Lovsang**  
Frå CD eller «live». Har ein muligheit til det kan det vere fint å synge ei song saman.

### 3) Stasjonsarbeid om Den Heilage Ande

#### Temaarbeid / gruppearbeid (ca. 45 min.)

Målet er å bruke bibelen aktivt. Samtale og presentasjon på ein kreativ måte. Ein kan dele gruppa i fleire om det er mange konfirmantar. Jobbe med spørsmåla som er presentert under og presentere teksten for dei andre på ei kreativ måte, for eksempel som eit dramastykke, velje ut ein av personane i teksten og skrive eit dagboknotat frå hendinga, lage ei song/rap.

Tekster som kan brukes:

- **Ordt 8**
- **Matt 28, 18-20 og Mk 16, 17f**
- **Apg 2**
- **Joh 14 og 16**
- **Rom 12 og 1 Kor 12**
- **Gal 5, 22-23a**

Spørsmål som kan brukast til å få i gang ei samtale rundt nokon av tekstane:

#### **Apg. 2**

Kvifor trur de at Anden viste seg i form av eld?

Kva kjenneteikn har eld?

Kvifor talte dei på så mange språk?

#### **Gal 5,22-23a**

Er dette kjenneteikn på kyrkja? Kvifor/kvifor ikkje?

Ser de nokon samanheng mellom Jesus og andens fruktar?

Er det alltid bra å vere tålmodig? Kvifor/kvifor ikkje?

Korleis kan ein tenka både på seg sjølv og andre samtidig?

#### **Joh 14 og 16**

Den Heilage Ande er ofte førestilt som vind. Av og til treng ein litt medvind i livet sitt. Er det noko du kunne tenke deg hjelp med?

### **Spørsmål til alle gruppene om det trengs: (Inspirasjon frå boka «Con Dios»)**

Beskriv ein oppleving du har hatt med eld, vatn, vind – korleis var det?

Kjærleik er ofte førestelt som eld. Treng du hjelp til å føle større kjærleik for noko?

I dåpen seier ein at ein får nytt liv ved Den Heillage Ande. Er det noko du ynskjer å forandre på eller at skal bli nytt i ditt liv?

### **Avslutning av økta, knyta til 1 Kor 12**

Ein leiar legg frem eit stort ark med bilete av eit menneske og seier noko om Andens gåver – og viktigheita av kvar og ein av oss i eit fellesskap. (1Kor 12) Deretter kan alle konfirmantane få skrive namnet sitt på kroppen, knyta til ein av deira gode eigenskapar. (For eksempel fot om ein er god i fotball, handa om einer flink til å skrive, hodet om ein tenkjer mykje, hjarte om ein er omsorgsfull, handa om ein liker å hjelpe andre.....)

### **4) Oppsummering og quiz**

Ein enkel quiz med korte, greie spørsmål om dagens tema kan være ei grei avslutning på dagen og ein mulighet til å oppsummere det ein har snakka om. Bør vere litt løs stemning og ikkje noko problem om nokon svarar feil!

### **5) Liturgisk samling med bøn, lystenning, andakt og song**

Forslag til liturgi ligger vedlagt.

## **B) Rettferd og sosialt ansvar**

*Relevante Bibeltekster: Matt 7, 12; Fil 4, 4-8; Luk 4, 14-22; 1 Kor 12*

### **6) Leik: Akrobatikk/fellesskapsøvinger**

Formål er ei oppleving av samarbeid og felles mestring. Øving / utprøving og god kontroll er klar forutsetning.

Det må vere enkle variantar som er ufarlige, samtidig utfordrande og lite grann oppsiktsvekkande. F.eks.:

- Akrobatikk med ball
- Lage pyramide
- I gruppe. Ein fall bakover, den som står bak tar i mot.

## 7) Leik: Urettferdig versjon av Kims lek.

*Inspirasjon henta frå Kirkens nødhjelp.*

Kims lek går ut på at ein finn diverse gjenstander som ein ligg under eit teppe. Kvar gruppe får ein viss tid til å sjå på gjenstandane, Deretter legg ein på teppet og deltakarane skal prøve å hugse så mange av gjenstandane som dei klarar. I denne versjonen kan ein dele gruppa i to, det eine laget er vesentlig færre deltakarar enn dei andre, men får alle fordelane. Dei kan få sjå lenger på gjenstandane, får stå mykje nærare. Det store laget får mye verre vilkår, kanskje leiaren stiller seg litt i vegen for dei, dei må stå langt unna osv.

Etter leiken intervjuar ein deltakarane om korleis dei opplevde det å bli behandla så ulikt.

**F.eks:**

**Korleis følte det å bli behandla så forskjellig?**

**Kvifor fekk det laget med færrest deltakarar flest hjelpemidlar? Korleis følte det?**

Deretter kan ein gjere ein avsluttande refleksjon om rettferd knyta til 1 Kor 12,25-26.

F.eks.: Så mye ulikhet og urettferdighet er det i verden i dag. Mange, mange lever av nesten ingenting. Mens et stort mindretall har alt de trenger. I følge FN er det slik at 20% av verdens befolkning har kontroll på 80% av ressursane. Det er urettferdig. Gud skapte verden med ressursar og nok mat til alle. Men det er ikkje rettferdig fordelt.

I Bibelen står det: **25 så det ikkje skal vera strid i kroppen, men at lemene skal ha same omsorg for kvarandre. 26 For om ein lem lid, så lid alle dei andre med. Og om ein lem blir æra, gleder alle dei andre seg. (1 kor 12, 25,26)**

Det handlar om at vi menneske har ansvar for kvarandre. At om et menneske lider, så lider eg også. Det angår meg, fordi vi henger saman. Og verden, ikkje minst i dag, henger saman. F.eks. knyta til klima og miljø. Om vi lever uansvarlig her i Norge, så får det konsekvenser andre steder i verden – med ekstremvær, flom, tørke.

Gud har skapt alle menneske med like stor verdi og med omsorg for kvarandre.

## 8)Bibelarbeid om rettferd i grupper

Det går an å hente mykje hjelp frå andre stader rundt dette tema. For eksempel hos Kirkens nødhjelp. KFUK-KFUM har gitt ut eit hefte kalt «Global konfirmant», som kan bestillast på internett. Der finn ein gruppearbeid ein kan bruke rundt tema «Rettferd og sosialt ansvar» som er nært knytt til bibeltekstar.

Vil ein laga noko sjølv kan ein bruke Bibeltekstar, som for eksempel likninga om Den miskunnsame Samaritan eller det dobbelte kjærleiksbod. Ein kan lese teksten og få konfirmantane til å reflektere rundt kven som er deira neste, går det nokon grense for nestebegrepet osv. Ein kan også bruke temaet til å utarbeide nokon etiske caser. For eksempel knytt til etisk handel (Vi får billige klede i Norge fordi arbeidare i andre land har dårlige

arbeidsvilkår, er det rettferdig at vi kjøper slike kler, kva kan ein i så fall gjere med den situasjonen. Vi flyr mykje, noko som er skadeleg for miljøet, korleis kan ein tenkje annerledes om det å ta fly for eksempel?)

### **10) Oppsummering og quiz**

Ein enkel quiz med korte, greie spørsmål om dagens tema kan være ei grei avslutning på dagen og ein mulighet til å oppsummere det ein har snakka om. Bør være litt laus stemning og ikkje noko problem om nokon svarar feil!

### **11) Liturgisk samling med bøn, lystenning, andakt og song**

Forslag til liturgi ligger vedlagt.

## **Modul 4: Modul 4 – Kyrkja, gudstenesta og eg**

### **A: Gudsteneste**

*Relevante bibeltekstar: Ta gjerne utgangspunkt i det som er teksten til gudstenesta ein jobbar mot.*

### **B: Dåp og nattverd**

**Rom:** Nokre ulike rom til å dele opp konfirmantane i smågrupper, kyrkjerom

**Trenger av utstyr:** Flip over/skjerm til å vise power point, Papir og teikneutstyr, døypefont, telys til avslutninga, kan ha noko enkle kostymar til dramastykket. (Kan være gøy, men er ikkje nødvendig!)

Modul 4a er fin å bruke i forbindelse med at ein lager/deltek på ei gudsteneste saman. F.eks. samtalegudsteneste eller ei gudsteneste ein lagar saman på weekend el. Om ein gjer det er det naturleg at ein bruker søndagens tekst som utgangspunkt for noko av arbeidet.

Forslaget til dagsplan som er lagt ved er brukt ved weekend. Det er også prøvd ut å bruke bare dåpsdelen i undervisning på ettermiddagssamling. Temaene kan også brukast uavhengig om ein ligg opp til at ein skal lage ei gudsteneste saman.

#### **Mulig dagsplan/framdriftsplan:**

##### **a) Fredag**

**19.00: 1)** Liturgisk samling (Synge salmer til søndagens gudstjeneste)

**19.15: 2)** Presentere programmet for helga + skape eierforhold til gudstenesta

**19.25: 3) Leik:** Vote with your feet – gudstjenestesp.

**19.35: 4)** Liturgileiking

**20.00: 5)** Presentere preiketeksten

**20.10: 6)** Gudstenestegrupper

**21.00: 7)** Matpause

**21.25: 8)** Oppsummering av kva gruppene har gjort. Kort gjennomgang av gudstenesta/minigudsteneste

**22.00: 9)** Kafé og sosialt opplegg. Spill, frivillige leker, kiosk.

**00.00: 10)** Ro

##### **b) Lørdag**

**10.00: 11)** Frukost

**11.00: 12)** Lek: Vote with your feet om dåp og vann

**11.10: 13)** Tema: Dåp

**11.40: 14)** Kontekstuelt bibelstudium i grupper

**12.25: PAUSE**

**12.40: 15)** Tema: dåp

**13.15: 16)** Måltid

**14.00: 17)** Innleiing til tema nattverd

**14.30: 18)** Leik

**14.30: 19)** Kreativt bibelarbeid med nattverdstekster

**15.30: 20)** Tema: nattverd **(AL)** Evt. i to grupper.

**16.00: 21)** Gjennomgang av gudstenesta

Øver på prosesjon, salmene, dåpen,

*Bruker denne timen til å forklare kvifor vi gjer dei liturgiske handlingane som vi gjer.*

**17.00:** Takk for i dag.

**Søndag**

**10.30:** Oppmøte for konfirmantane i kyrkja

**11.00:** Gudsteneste

**Etter gudstenesta:** Kyrkjekaffe



## **A) Gudsteneste**

### **3)Leik: Vote with your feet – gudstjenestesp.**

Ein fin måte å komme i gang med gudstenestearbeid på kan vere å bevege seg og begynne i å tenke «gudsteneste» i vid forstand. Leiken «Vote with your feet» går ut på at alle konfirmantane står på golvet. Den som leier leiken kjem med ein påstand for eksempel «Det er bare lov å halde gudstenester inne». Dei som trur at det er sant går til høgre side i rommet, dei som trur det er feil går til venstre side i rommet. Her kan ein komme med alle mulige påstandar, og det er moro å krydre med litt andre spørsmål enn bare om gudstenesta, som gjerne gjer at ein blir litt kjent. «Dei som liker best den og den TV-serien/artisten går der, dei andre går der». «Den som liker best cola går der, pepsi går der..» Det er viktig med ei god stemning i rommet, slik at konfirmantane er sikker på at det ikkje kjem spørsmål som er ubehagelege for dei å svare på, eller at det blir flaut å svare feil.

### **4)Liturgileiking**

Det er fint å presentere gudstenesta for konfirmantane slik at dei får kjennskap til kva dei ulike liturgiske ledda betyr og ser ei samanheng i gudstenesta. Ein kan for eksempel teikne dei ulike ledda på førehand og gå mellom dei for å sjå utviklinga i gudstenesta. Ein kan dele i gruper og kvar gruppe skal presentere ei del av gudstenesta.

Global konfirmant har et spanande opplegg kor ein blir kjent med ledda gjennom leiken «memory». Kvar deltakar får eit liturgisk ledd som ei beveging dei skal gjere. Alle skal så prøve å finne dei andre som har same beveging som dei. Deretter stiller den som leiar leiken konfirmantane i riktig rekkefølge, og forklarar ledda.

### **6)Gudstenestegrupper**

Om ein er fleire leiarar kan det vere fint å dele konfirmantane opp i ulike grupper som skal jobbe med gudstenesteledda. Forslag til mulige grupper er:

- Plakatgrupper. (lager teikningar til preiketeksten/dagens tema som kan henge i kyrkja. Forbered gjerne også nokre spørsmål til teksten som ein kan snakke rundt mens ein teiknar)
- Medliturgar
- Forbønnsgruppe
- Forsongargruppe
- Kyrkjetenarar/estetikk
- Preikegruppe

Dette er sjølv sagt avhengig av kor mange leiarressursar ein har tilgjengeleg.

Ein bør ha ei god gjennomgang av gudstenesta på forhand slik at alle er trygg på det ein vil gjere. Den stunda kan ein også nytte til å sei noko om kva kyrkja er, få dei til å reflektere noko over kva som er deira «drømmekyrkje», korleis dei ynskjer å ha det i kyrkja.

## **B) Dåp og nattverd**

*Relevante Bibeltekstar: Matt 26, 17-29; Luk 22, 7-23; Matt 3, 13-17; Joh 3,1-2; Matt 28,16-19; Apg. 8, 26-40*

### **12) Lek: Vote with your feet om dåp**

Sjå punkt 3 for ei forklaring av leiken. Gjer på same måte, men bruk spørsmål om dåp. For eksempel: «Ein må vere under 2 år for å bli døypt».

### **13) Tema: Dåp**

Undervisning om dåp kan gjerast på ulikt vis. Ein undervisningsbolk om kva dåpen er med bruk av klassiske dåpstekstar i Bibelen. (For eksempel Jesus som blir døypt, Nikodemus, Filip og hoffmannen, misjonsbefalinga) Ein **kan jobbe kreativt med ulike dåpstekstar**, som dramatisering av dei, teikne dei el. Sjå forslag i tidlegare modular til korleis ein kan leggje opp til slikt arbeid!

Ein kan også nærme seg tema på anna vis, for eksempel knytt til vann i ei vidare tyding. Her har for eksempel «Global konfirmant» eit opplegg kor ein jobbar kontekstuellet med teksten om kvinna med brønnen og Jesus som seier at han er det levande vann. Ein kan knytte undervisning til at ein er avhengig av vann i kvardagen og at i verda er det mange som ikkje har reint vann.

Å **leike gjennomføring av ei dåp** kan vere ei god idé. Det er både morosamt og lærerikt. Ein får da gått gjennom dåpsliturgien aktivt og det blir gjerne ei ganske morosam stund kor det fort kjem opp aktuelle spørsmål om det som skjer i dåpen!

### **Nattverd**

Undervisning om nattverd kan også skje på ulikt vis. Ein idé er uansett at ein nyttar anledninga til at konfirmantane **får smake på brød og vin**. Det gjer undervisninga aktuell og det er ein fin måte å forberede dei på sjølve gudstenesta.

Som med dåpen kan det vere spanande å prøve å knyte undervisninga om sakramenta til resten av livet, at ein prøver å gjere nattverden så konkret som mulig - slik ein er avhengig av vann er ein også avhengig av brød for å leve. Også med nattverdsundervisninga kan det vere aktuelt å bruke fleire tekster frå Bibelen som ikkje er direkte knytt til nattverden. Sjå forslag under om bruk av teksten om Jesus som mettar 5000.

### **19) Forslag til Kreativt bibelarbeid i forbindelse med nattverd:**

#### **Nokon grupper jobbar med Joh 6, 1-13**

**Gruppe 1) Lage dramastykke om at Jesus metter 5000**

**Gruppe 2) : Lage dramastykke om at Jesus metter 5000 på et sted i verden i dag.**

Begynne med å lese teksten saman.

Spørsmål før konfirmantane lager dramastykke:

- Kva trur de fellesskapet betydde for dem som oppsøkte Jesus denne dagen?
- Kvifor trur de at dei ikkje hadde tatt med seg mat?
- Kva trur de guten med fiskene og brødet tenkte?

Spørsmål til etterpå:

- Kven er ikkje mette i vår verden i dag?
- Kan ein vere svolten på forskjellige ting?
- Kva er du svolten på?
- Kva treng menneske i dag av Jesus?
- Ser de nokon samanheng med det å bli mette og nattverden? Kva blir ein mett på i nattverden?  
(Evt. les Mark 14,22-23)

**1 gruppe jobbar med Luk 22, 7-23**

- 1) Nokon skal lage dramastykke om det siste måltidet.**
- 2) Nokon skal late som om de er ein disippel av Jesus. Skriv brev til ein ven om det som skjedde under «det siste måltidet».**

Spørsmål før konfirmantane lager dramastykke og skriv brev

- Kvifor trur de at Jesus hadde gleden til å spise med disiplene? (V.15)
- Kva trur de **disiplane** tenkte når Jesus sa at brødet var hans kropp og vinen var hans blod?
- Kva trur de at **Jesus** meinte når han sa at brødet var hans kropp og vinen var hans blod? Og at dei skulle gjøre dette til minne om han?  
(Evt. les Joh 6)

Spørsmål til etterpå:

- Korleis kan nattverden minne oss på Jesus?
- «Con Panis» betyr «med brød». Det er det vårt ord kompis kjem frå. Ein kompis er ein du spis saman med. Kvifor trur de at måltidet og fellesskapet var så viktig for Jesus?
- Kva er viktig for deg i et vennskap/fellesskap?

## **Modul 5: Eg**

**A:** Kven er eg?

Eg – ein kristen?

**B:** Eg – saman med andre

**Rom:** Nokre ulike rom til å dele opp konfirmantane i smågrupper

**Trenger av utstyr:** Flip over/skjerm til å vise power point, muligheit til å spele av musikk, papir og teikneutstyr, telys til avslutninga

### **Mulig dagsplan/framdriftsplan:**

17.30: 1) Info/opprop

17.35: 2) Leik

17.50: 3) Intro til tema «Eg» - knyta til songen «Some nights» av Fun

18.00: 4) Individuelle oppgåver

18.20: 5) Mat

18.50: 6) Stole på øvingar/teambuilding

19.05: 7) Pause

19.15: 8) Intro om bod/val/rettesnorar – knytta til filmklipp frå TV-serien «Glee»

19.25: 9) Gruppeoppgåver/samtale om filmklippet og case knyta til boda

20.00: 10) Skrive spørsmål til morgondagens «Spørjespalte»

20.10: 11) Andakt og avslutning

### **Torsdag**

17.30: 12) Info/opprop

17.35: 13) Intro til tema: Dei andre

17.45: 14) Samtale i smågrupper om relasjonar og venskap

17.55: 15) Leik: Likar du naboen din?

18.10: 16) Mat

18.40: 17) Intro til tema: relasjonar, seksualitet, forhold, grensesetting

18.55: 18) Dele i gut- og jentegrupper med «fire hjørne»

19.10: 19) Dilemma/samtale i grupper

19.40: 20) «Spørjespalte»

20.00: 21) Andakt og avslutning

## A) Kven er eg?

Relevante bibeltekstar: 2 Mos 20 1-17; Salme 8; Salme 139

### 2)leik

Eit forslag til ein ganske morosam leik/stafett. Ein treng ein flaske og ei mynt. Konfirmantane blir delt i to lag. Laga sit seg på ei rekke på golvet, held i handa til dei som sit ved sidan av seg, rygg mot rygg med det andre laget. Alle skal ha auga igjen forutan om dei som sit øvst i rekka, der leiaren står. Nedafor rekke sett leiaren ei flaske. Leiaren for leika stiller seg så øvst i rekka. Den kaster ei mynt. Dei som sit øvst følger med på mynta. Blir det krone skjer ingenting. Blir det mynt skal dei knipe den som sit ved sidan av deg i handa. Den kniper så vidare i rekka. Det er så om å gjøre å gripe flasken nedst først av dei to laga. Den som klarar å gripe flasken sit seg øvst i rekka. Det laget som først kjem rundt har vunne stafetten.

### 3) Intro til tema «Eg»

Forslag til introduksjon av tema:

Mange musikktekster som konfirmantane høyrer på til vanleg inneheld mykje spanande tekster som det går an å bruke i undervisninga. Her er eit forslag til opplegg med utgangspunkt i ei song som blei mykje spela på radioen 2012/2013.

**Start:** Høyre songen «Some nights» av gruppa Fun **med teksten på PP.** (5min) (Til 2,07!)

#### Innleiing:

Denne songen seier noko om å vere usikker på kva ein trur, kva ein skal stå for. Og seier noko om korleis ein kan bli forvirra. Sånn er det ofte for mange. Det er ikkje alltid så lett å vite kva ein skal tru og meine om noko som helst. Kva er mine meiningar, er det OK å meine noko anna enn vennene mine, enn foreldra mine?

I dag skal vi reflektere over kven vi er. Ein del berre du og deg sjølv utan at du treng å seie det til nokon av dei andre. Vi skal tenke på kva gjer oss til den vi er. Kven vil vi vere? Kva treng vi i liva våre for å leve gode liv? For å ha det bra?

Ein stor del av det å vere menneske og ikkje minst det å bli ungdom/vaksen **er å ta val.** Vi er skapt med fri vilje. Bibelen er ikkje ein regelbok der det står kva du skal gjere i ein kvar situasjon. Vi er sjølv ansvarlig for liva våre og korleis vi skal leve dei. Og det må vi tenke på. Kven er vi, kva er viktig for oss, korleis vil vi leve liva våre best mogleg?

### 4) Individuelle oppgåver

Sitte åleine og tenkje/skriva ned. (10min)

Forslag til spørsmål ein kan bruke.:

### **Kven er du?**

- Kva er det viktigaste i ditt liv?
- Kven er den viktigaste personen i livet ditt?
- Kva er det viktigaste du har lært i livet ditt? Kven lærte deg det?
- Har du noko du «Står for» - noko du er opptatt av, eit standpunkt som er viktig for deg?
- Kan du hugse nokon val du har gjort i livet?
- Kva kan du ikkje klare deg utan?
- Korleis ser du for deg deg sjølv om 15 år?

### **6) Stole på øvingar/teambuilding**

Slike øvingar har vi også foreslått å bruke i modul 3 om Den Heilage Ande. Det gjer ingenting å gjere det fleire gonger i eit undervisningsår. Evt. kan ein bruke litt forskjellige kvar gong, om ein brukar begge modulane.

**Forslag til intro til øvingane:** Det er viktig at vi kjenner oss sjølv og er ven med oss sjølv. Og det er viktig at vi har andre rundt oss. At vi kan stole på dei og at dei kan stole på oss.

**Spørsmål:** Kva gjer at du stolar på eit anna menneske?

#### **Forslag til øvelser:**

Ta imot når ein fell bakover  
Lage pyramide  
Evt. prøve å stå på hovudet  
Føre ein med bind for auga gjennom ei løype

Reflektere etterpå over korleis det var og korleis ein måtte stole på kvarandre og var avhengig av kvarandre.

### **8) Intro om bod/val/rettesnorar – knytt til filmklipp frå TV-serien «Glee»**

Vi har valt å bruke dei 10 bod som ein inngang til å snakke om identitet og det å ta val. Vi har også valt å bruke eit filmklipp frå ei TV-serie for å få i gong ei samtale om det å ta val. Her er filmklippet frå TV-serien Glee. Det går an å bruke mange andre klipp for å ta tak i dei same type tema. Internetsida [www.kulturvinduet.no](http://www.kulturvinduet.no), drevet av «Damaris Norge» Har mange forslag til musikk, film, TV-serier som kan brukast, og har også samtaleopplegg til fleire av dei. Om ein ynskjer å bruke dette klippet er det i 4.seong av Glee, episode 12. Sjølve songen kan ein finne på You Tube ved å søke på «Glee + torn».

**Forslag til intro til tema:** Er det mange av dykk som har regler for livet deira? (Foreldre, laga nokon reglar sjølv?) (Leggetid, snopelov)

Vi forhold oss til reglar heile tida. Trafikkreglar, norsk lov og egne reglar. Noko av det store ved å vera menneske er at vi er ansvarlege for livet vårt. Vi er ansvarlege for å ta val som er gode for oss sjølv og val som er gode for andre. Det treng vi å øve oss på heile livet.

For at vi skal klare å ta gode og ansvarlige val i livet vårt, så treng vi rettesnorer og vi treng å snakke om kva som er godt og ikkje godt.

**Se video:** Rachel is already torn

Bakgrunnsinfo: Rachel vil bli skodespelar. Har fått tilbod om ein rolle ho har veldig lyst på. Er ein flink musikalartist. Den som tilbyr ho rolla reknar med at ho syns det er greitt å vere topplaus i ein av scena.

## 9) Gruppeoppgåver/samtale om filmklippet og case knyta til dei ti bod

(Torn: betyr å vere revet i to)

Kva val er det Rachel må ta?

Kvifor er ho usikker på kva ho skal gjere?

Kva alternativ har ho?

Kva synast de at ho burde ha gjort?

Ho er i ein ny situasjon der eit av hennar gamle prinsipp blir satt på prøve. Kan samanliknast: drikke på fest, begynne å snuse, jukse på prøve fordi alle andre gjer det..

Av og til kjem vi i slike situasjonar og det er ikkje alltid enkelt å vite kva ein skal gjere. Skal ein svikte seg sjølv, endrar ein seg bare, får nye prinsipp? Er eg framleis meg om eg gjer dette?

### Om dei ti bod

Dei fleste religionar og land har ein del reglar som er ganske like. Fordi dei er så grunnleggande i menneskets liv.

Veit dei kva dei ti boda er? Vis dei på flip over/PP/ i Bibelen

Om boda: Står i Bibelen at Moses fekk dei på to steintavler på Sinaifjellet. Ofte deles boda opp i to grupper. 1-3: Om menneskets forhold til Gud. 4-10: om menneskenes forhold til kvarandre.

Dei ti boda er rettesnorer som kan hjelpe oss til å leve gode liv og ta gode val i ulike situasjoner.

### Spm:

Synes de at dette er gode bod/reglar? Kvifor/kvifor ikkje?

Kva trur de skjer om vi held desse boda/kva trur de skjer om vi ikkje held disse boda?

Ingen klarer å halde alle boda heile tida. Dette er rettesnorer for livet vårt som kan hjelpe oss til å ta gode val for liva våre. Gud vil det gode for oss og for alle menneske.

Gå gjerne gjennom alle boda og snakk om kva dei betyr.

Desse boda hadde dei på Jesu tid, og ein gong blei Jesus spurt om kva som var det viktigaste/største bodet.

**Det dobbelte kjærleiksbod. Matt 22, 34-40.** Fortell gjerne litt om kva det betyr. Og om at vi tolkar boda inn i våre liv. Fordi det er ikkje sikkert boda er formulert akkurat inn i vår setting.

Eksempel med Sabbatsbodet kan vere fint å bruke. (Mark 2, 23-38)

Vi treng rettesnorer for liva våre. Ingen klarer å gjere det rette heile tida. Men vi kan prøve. Og det som er det gode med Gud, er at han gjer oss alltid ein ny sjanse når vi kjem til han dei gongene vi trår feil.

#### **Eventuell aktivitet ved mye tid:**

Del i grupper. **Oppgåve:** Førestelle seg at dei er stranda på ei aude øy og at dei no skal bli einige om kva reglar som skal gjelde hos dei. Dei kan bare sette opp ti reglar. I plenum til sist. Må grunngje kvifor dei har valt akkurat desse reglane.

**Etiske dilemma:** Her kan det også vere ei god idé å planlegge nokre etiske dilemma konfirmantane skal diskutere i mindre grupper. Her er mykje inspirasjon å hente for eksempel i konfirmantboka «Con Dios».

#### **10) Skrive spørsmål til morgondagens «Spørjespalte»**

Om leiarane ynskjer det, kan ein idé vere å ha ei «spørjespalte» der konfirmantane kan få spørje om det dei lurar på om alt mulig, trusspørsmål, etikk osv. Ein kan skrive lappar anonymt og leiarane svarar. Her kan det vere lurt at leiarane får forberede seg litt, og at ein kan ta spørsmål neste dag/etter ein pause/neste samling.

#### **11) Liturgisk samling med bøn, lyttening, andakt og song**

Forslag til liturgi ligger vedlagt.

#### **B)Eg – saman med andre**

*Relevante Bibeltekstar å bruke: Matt 28, 16-20; Matt 4, 18-22, Matt 22, 34-40; Joh 15,15*

#### **13) Intro til tema: Dei andre**

Til dette tema er det mykje ein kan ta tak i knytt til fellesskap, vennskap, mobbing, kjærastar osv. Ein idé kan vere å knyte inn sosiale mediar, korleis er det lurt å bruke facebook/instagram, andre ting. Ein kan også velje å bruke nokre «stole på-øvelser» til denne bolken i staden for eller i tillegg til å gjere det knytt til temaet «Eg».

Nokre **stikkord** til kva ein kan seie noko om innleiingsvis:



Vi treng andre. Og vi treng å sleppe andre inn i livet vårt.

Samtidig har vi grenser rundt oss. Det er ikkje alle vi slepper inn overalt. Det er ikkje alle du fortel hemmelegheitene dine til.

Vi er alltid i relasjon til andre. Nokon blir gode vener, andre ikkje.

Men vi lever likevel ikkje uavhengig av kvarandre.

Venskap er noko som angår oss alle.

Å vere forelska – kan vere fantastisk og dødsvondt!

Vi gir av oss sjølve i relasjonar med andre – må vite noko om grensene våre.

Det er viktig å ta vare på dei rundt oss

Ein kan bruke ein del morosame eller alvorlege filmklipp når ein skal snakke om «Eg – saman med andre». Det kan gjere det lettare å komme i gang med ein samtale. Eit eksempel på at kjærleik kan vere både fint og pinlig og at kommunikasjon er vanskeleg men viktig, kan ein finne i for eksempel filmen «love actually» når figuren Jamie, spilt av Colin Firth, ikkje forstår den portugisiske jenta som jobbar på hytta han leiger. Og han ender med å hoppe i det kalde vatnet både for å redde boka si og vise seg frem. Klipp kan søkast opp på you tube.

#### **14) Samtale i smågrupper om relasjonar og venskap**

Kan svarast på individuelt, eller i fellesskap:

- Kva er det viktigaste i eit venskap?
- Kan ein ha fleire bestevenar?  
Er det forskjell på kva gutar og jenter føler og tenkjer?
- Viss du er gut – kva synes du verkar vanskelegast ved å vere jente? Og omvendt
- Kva kan du fortelje ein ven, men ikkje skrive til vennene på facebook?
- Kan ein tilgi eit svik i eit venskap?

Her kan ein for eksempel fortelje om Jesus sitt vennskap med Peter som blant anna inneheld svik og tilgjeving. Ein kan snakke om Jesus som ven og bruke Joh 15,15. Her kan ein eventuelt hente inn noko frå Modul 2 med tema «Jesus».

#### **15) Leik: Likar du naboen din?**

Ein leik som går an å bruke her eller andre plasser.

**Forklaring:** Alle sit på stolar i ein sirkel. Ein står i midten. Den i midten skal spørje ein som sit på ein stol: «Likar du naboen din». Den som sit på stolen svarer anten: «Nei» - då må dei to som sit ved sidan av den som svarar prøve å byte plass. Den som står i midten prøver å få tak i ein av plassane. Den som sit på stolen kan også svare «Ja, men eg liker ikkje dei som..... for eksempel har på seg blå bukse, liker Justin Bieber....» Dei som svaret gjeld skal då finne seg ein ny stol. Svarer den som blir spurt «Kanskje» skal alle byte plass. For den i midten gjelder det å alltid prøve å finne seg ein ny stol. Leiken kan også utvidast/gjerast meir innvikla ved at ein etter ein stund seier at det aldri skal vere ein ledig stol til høgre for ein. Er stolen til høgre ledig, skal du alltid hoppe bort dit.

#### **17) Intro til tema: relasjonar, seksualitet, forhold, grensesetting**

Dette er et tema fleire kan synes er vanskeleg å prate om. Desto viktigare å gjere det. Det kan ha dukka opp ting i løpet av samlinga/samlingar tidlegare det kan vere lurt å ta tak i. Det

er viktig å skape eit rom der det er lov å stille spørsmål om seksualitet og relasjonar utan at ting blir hølva ned eller ikkje våga å ta tak i. Det kan vere ok å dele i jente-og gutegruppar om ein har muligheit til det også. Con Dios har ein del opplegg ein kan bruke med både spørsmål ein skal svare på ved å stille seg i hjørner i rommet og dilemma ein kan komme opp i som det kan vere fint å snakke om i grupper.

### **18) Dele i gut- og jentegrupper med «fire hjørner»**

Sjå gjerne på Con Dios sine forslag.

### **19) Dilemma/samtale i grupper**

Sjå gjerne på Con Dios sine forslag.

### **20) «Spørjespalte»**

Sjå punkt 10!

### **21) Liturgisk samling med bøn, lystenning, andakt og song**

Forslag til liturgi ligger vedlagt.

## **Modul 6: Dei store spørsmåla**

### **A) Dei store spørsmåla**

### **B) Veggen vidare**

Modul 6 «Dei store spørsmåla» er blitt plassert sist, fordi det er naturleg med ein litt oppsummerande/avsluttande samling. Vi har også brukt denne samlinga til å øve til konfirmasjonsgudstenesta, og samlinga blir då sjølv sagt også noko prega av det.

*Bibelvers som er aktuelle å bruke: Matt 22, 37-40, Jobs bok, Salme 51*

### **Forslag til dagsplan/framdriftsplan:**

- 11.00: 1) Velkomen!
- 11.05: 2) Leik og moro! (Gjerne ute om veret er bra!)
- 11.35: 3) Dei store spørsmåla
- 12.15: 4) Kristen i dagleglivet, veggen vidare, dei 4 B-ane
- 13.00: 5) Lunsj
- 13.45: 6) Øving til konfirmasjonen
- 14.45: 7) Tilbakemeldingar på året – fyll ut på ark
- 15.15: 8) Liturgisk avslutning
- 16.00: 9) Takk for no!

### **2) Leik og moro!**

På denne tida av konfirmantåret er det gjerne mulig å vere ute å leike. Alle gamle «bursdagsleikar» kan vere gøy å leike. Som «Slå på ring», «katt og mus» osv. «Pipip og whææ!» er også ein morosam leik ein kan bruke.

Alle konfirmantane står i ein ring. Dei står to og to, ein foran og ein bak kvarandre. Eit par begynner ikkje i ringen. Den eine av dei har rolla som «Whæææ!». Den andre har rolla som «Pipip». «Whæææ» sitt mål er å ta «Pipip». «Whæææ» kan bare gå med tunge lange skritt og med henda over hovud mens vedkommande seier «Whææææ!». «Pipip» kan bare løpe med pittesmå skritt mens vedkommande seier «pipipipip». «Pipip» redder seg ved å stille seg foran to andre konfirmantar som står oppstilt i ringa. Når «Pipip» stiller seg foran eit av para, blir automatisk den som står bak i det paret til ein ny «Whæææ» og den som var «Whæææ» er no blitt «Pipip». Det skjer ikkje noko anna enn at ein prøvar å unngå å bli tatt. Men det kan bli ganske morosamt!

### **3) Dei store spørsmåla**

Med tema «Dei store spørsmåla» er det mykje ein kan velje å ta opp. Det er naturleg å ikkje ha denne samlinga først, og det har gjerne dukka opp spørsmål i løpet av året som ein tenkjer det kan vere lurt å ta tak i vidare. Opne gjerne opp for spørsmål frå konfirmantane her, kva sit dei igjen med no heilt på slutten av året, kva lurar dei på. Oppmuntre til å fortsette å tenkje og undre seg!

Skal ein ta tak i konkrete ting er tema som «Det ondes problem», «nestekjærleik» og andre ting svært aktuelle.

#### **4) Kristen i dagleglivet, vegen vidare, dei 4 B-ane**

Det kan vere lurt å bruke denne anledninga til å informere konfirmantane godt om kva som finnes i kyrkja/nærmiljøet av muligheiter til å vere med på etter at konfirmanttida er over. Ikkje gløym høgmessa på sundagen!

#### **Dei 4 B-ane**

Det kan vere fint å minne dei om dei 4 B-ane på siste samlinga. Bøn, Bibel, Bror-og systemskap og Bordet. Vis konkret korleis dei kan brukast i livet og ha som huskeregel i livet!

### **6. Øving til konfirmasjon**

Gjer ei god og grundig øving til konfirmasjonsgudstenesta, så alle kjem godt forberedt og så rolig som dei kan til den store dagen!

### **8) Liturgisk samling med bøn, lystenning, andakt og song**

Forslag til liturgi ligger vedlagt.

## Liturgisk samling

### Innleiingsord:

**L:** Her er plassen for tru og håp  
For lengsel og liv, for bøn og song

**Alle:** Her er tida for da og nå  
For framtidsliv, for æve

**L:** Her er møtestaden for himmel og jord

**Alle:** Her er vi. Her er Gud  
Møt vår lengsel. Styrk vår tru. Tenn vår kjærleik.

**L:** Lat oss synge til Guds ære

### Song

#### Bøn

**Alle:** Til deg, Gud, kjem vi  
med vår frykt og vår uro,  
vår lengsel og vårt håp.  
Møt oss med di godheit,  
og mett oss med di fred.  
Frigjer oss frå det som tynger og binder,  
så vi på ny kan gleda oss over livet

#### Andakt

#### Tenne lys og be

#### Vår Far i himmelen

Lat namnet ditt helgast.  
Lat riket ditt koma.  
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.  
Gjev oss i dag vårt daglege brød,  
og tilgjev oss vår skuld, slik vi óg tilgjev våre skuldnarar.  
Og lat oss ikkje koma i freisting,  
men frels oss frå det onde.  
For riket er ditt og makta og æra i all æve.  
Amen.

### Song

#### Velsigning

\*Usikkert kor innleiingsorda er henta frå. Bøn nr. 1 er henta frå «Treklang», og er her omskriven til nynorsk.

## Kjelder

«Con Dios» (2011) Reftel, J. og Reftel K. Verbum

«Global konfirmant – et opplegg for ungdom, 13-18 år, om kristen tro, miljø, forbruk og rettferd» Norges KFUK-KFUM. Saga, S.K. (prosjektleder) Utgitt med støtte fra Størst av alt – trosopplæring i Den norske kirke

Treklang, sangbok (2007) Norges KFUK-KFUM, KFUK-KFUM-speiderne, Cantando Musikkforlag  
Cantando musikkforlag As, Stavanger

[www.kulturvinduet.no](http://www.kulturvinduet.no)